



FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

Miljøvernnavdelinga

Fylkeshuset, 6400 Molde Telefon: 71 25 80 00 Telefax: 71 25 85 10

Rapport nr.:

7-1994

Tilgjenge:

Åpen

Tittel:	Dato:
Innføring av Skvett'n i Møre og Romsdal Sluttrapport	17. juni 1994
Forfattar:	Sidetal:
Lisbeth Aune	19

Resymé:

Etter initiativ frå Fylkesmannen innførte alle kommunane i Møre og Romsdal i 1993/94 ei ordning for mottak av spesialavfall frå hushaldningane under symbolet Skvett'n. Skvett'n er eit nasjonalt symbol for ulike mottaks- og innsamlingsordningar for spesialavfall.

Ordninga i Møre og Romsdal er basert på at alle hushaldningar har fått ei pappeske til oppbevaring av spesialavfall og ei avis som inneheld informasjon om Skvett'n, kva spesialavfall er og kor mottaka finst.

Spesialavfalleska/innhaldet kan leverast til containerar som er plassert på bensinstasjonar, avfallslassar og butikkar rundt omkring i kommunane. Det er etablert 130 slike mottak. Fylket har med dette fått ei svært god løysing.

Vi vil at systemet skal vere sjølvforklarande. Mottaka er merka "Spesialavfall", og eskene for "Spesialavfalleske".

Nødvendig informasjon er gitt i samband med innføringa. Det er halde kurs for personellet både på dei lokale spesialavfallsmttaka og i kommunane.

Forord:

Fylkesmannen legg med dette fram sluttrapport for innføring av Skvett'n i Møre og Romsdal. Rapporten er inga evaluering av ordninga, men tar for seg erfaringane frå innføringsprosessen. Det vil bli naudsynt å foreta ei evaluering av ordninga ved eit seinare høve.

Fylkesmannen tok initiativ til å starte opp prosessen. Innføringa tok utgangspunkt i prosjektrapporten som blei laga i juni 1993. Alle innbyggjarane i Møre og Romsdal har no tilbod om levering av spesialavfall. Skvett'n er brukt som symbol.

Rapporten er utarbeidd ved miljøvernavdelinga av prosjektleiari Lisbeth Aune.

Molde, juni 1994



Per Fredrik Brun
fylkesmiljøvernsjef

Innhald:	Side
0. Samandrag	1
1. Innleiing	2
2. Bakgrunn for tiltaket	2
2.1. Tiltråding frå prosjektgruppa	3
3. Organisering	3
3.1. Styringsgruppa	4
3.2. Valgt løysing i Møre og Romsdal	5
4. Innføring av Skvett'n	6
4.1. Kontaktperson	7
4.2. Konsesjonsbehandling	7
4.3. Utstyr på dei lokale spesialavfallsmottak	7
4.3.1. Containerar	8
4.3.2. Verneutstyr	8
4.4. Finansiering	8
4.4.1. Søknad om felles tilskott	8
4.4.2. Samarbeide med NORSAS	9
4.5. Informasjon	9
4.5.1. Spesialavfallseske	9
4.5.2. Avis og informasjonspakke	10
4.5.3. Informasjonskampanje	10
4.5.4. Kurs	11
4.6. Områda og kommunane si rolle i prosessen	12
4.6.1. Utdeling av informasjon	12
4.6.2. Innsamlarar	12
4.6.3. Levering av spesialavfall	12
5. Evaluering	13
5.1. Organisering av områda	13
5.2. Styringsgruppa	13
5.3. Spesialavfallsområdet	14
5.4. Informasjon	14
5.4.1. Spesialavfallseske	14
5.4.2. Avis og informasjonspakke	14
5.4.3. Informasjonskampanje	15
5.4.4. Kurs	15
5.5. Områda og kommunane si rolle i prosessen	15
5.5.1. Utdeling av informasjon	15
5.5.2. Innsamlarar	16
5.6. Generelle vurderingar	16
5.7. Tiltrådingar	17
6. Konklusjon	18
7. Litteraturliste	19
8. Vedlegg	

0. Samandrag

Denne rapporten tar føre seg prosessen for etablering av ei innsamlingordning for spesialavfall frå hushaldningane i Møre og Romsdal.

Våren 1993 blei ei prosjektgruppe oppretta av Fylkesmannen, for å vurdere dei ulike alternativa for innsamling av spesialavfall som var etablert. I juni 1993 la dei fram sin rapport som tilrådde ei bringeordning med mindre lokale spesialavfallsmottak ved bensinstasjonar eller liknande, spreidd i heile fylket, Skvett'n skulle brukast som symbol på innsamlinga.

Det blei ansatt ein prosjektleiar i 6 mnd. som skulle ha ansvaret for framdrifta av prosjektet og samordne bestillingar og søknader om tilskott. Fylket blei delt i 6 områder etter tilrådinga frå prosjektgruppa.

Fira av områda blei samansett av dei fire interkommunale renovasjonsselskapa som er etablert i fylket og dei nærliggande kommunane. Seks kommunar rundt Ålesund har etablert samarbeid på fleire område og har oppretta eige utviklingskontor. Det var naturleg at dei danna eit område. Dei fire kommunane innst i Storfjord dannar det siste området. Ein person frå kvart område var med i styringsgruppa som blei oppretta for prosjektet. Desse representantane i styringsgruppa er i rapporten omtala som områdekoordinatorar.

Områdekoordinatorane var pådriverarar for eigne kommunar/område slik at søknad om etablering og drift av spesialavfallsmottak blei utforma og sendt i god tid, samt at samarbeidsavtale med NORSAS blei oppretta. Fylkesmannen har ikkje gitt løyve til etablering og drift utan at kommunen først har oppretta ei avtale med bensinstasjonen eller butikken der spesialavfallsmottaka er plassert.

Det er plassert 130 større og mindre spesialavfallsmottak rundt om i fylket. Dei fleste er plassert ved bensinstasjonar eller butikkar, og er i denne rapporten omtala som container/spesialavfallsmottak. Alle har felles skilt med Skvett'n - figur, gjenvinnings-symbolet og merking med "Spesialavfall". Alle hushaldningane har fått utlevert ei pappeskemerkja "Spesialavfalle" og ei informasjonsavis. Eska og avis er utgitt på både bokmål og nynorsk.

Fylkesmannen og NORSAS arrangerte 6 lokale eitt dagars kurs for personell på bensinstasjonane og butikkane der dei lokale spesialavfallsmottaka er plassert. Det var tydeleg behov for informasjon til desse, heile 90 % av bensinstasjonane og butikkane deltok på kursora. Det blei også arrangert eit todagars kurs for ansatte i dei interkommunale renovasjonsselskapa og i kommunane.

Fire innsamlarar har fått kontrakt på innsamling, sortering, embalering og deklarering av spesialavfallet i fylket i eit år. To renovasjonsselskap ordnar innsamling sjølv og kører spesialavfallet til eit etablert mellomlager/mottaksanlegg. Områda har forskjellige avtaler. Innsamlingsordninga og kontraktane vil bli evaluert ved årsskiftet 1994/95 før nye kontraktar blir inngått.

Det var behov for investeringar for omlag 4,3 mill. kronar for heile fylket, utanom det som allereie var investert i nokre kommunar. Alle kommunane var med på informasjonsdelen. Fylkesmannen fekk tilsgagn om tilskott på 2,7 mill. kronar som vert tildelt kommunane etter kvart som vi får revisorattestert rekneskap.

1. Innleiing

Spesialavfallet er avfall som ikkje kan behandlast saman med vanleg, kommunalt avfall fordi det kan føre til alvorleg forureining eller føre til skade på menneske og dyr. Som for avfall elles er hovudstrategien:

1. Avfallsminimering
2. Kjeldesortering og gjenvinning
3. Best mogleg behandling av avfallet

Det er ei nasjonal målsetting at det skal etablerast ordningar for innsamling/mottak og behandling av spesialavfall. I St.prp. nr. 1 (1992-93) står det om spesialavfall: "Pr. 1. januar 1992 hadde ca. 300 kommuner tilbud om mottak av spesialavfall. Mottaks- og innsamlingssystemet skal være ferdig utbygd innen 1993. Dette systemet bygges ut i samarbeid med Norsk Spesialavfallsselskap A/S (NORSAS)." Ved utgangen av 1993 hadde ca. 400 kommunar etablert eit tilbod om mottak av spesialavfall. Dette inkluderer kommunane i Møre og Romsdal, sjølv om ordninga ikkje kom i gang før januar/februar.

24. mai 1994 blei ny forskrift om spesialavfall vedtatt. Den nye forskrifta erstattar tidlegare forskrift av 1984. Den trer i kraft 1. juli 1994.

Endringa inneber bl. a. at kommunane får ansvar for å sikre at det eksisterer tilbod om mottak av spesialavfall frå hushaldningane og fra verksemder med opptil 400 kg spesialavfall årleg. Det kommunale ansvaret gjeld frå 1. juli 1995. Kommunane i Møre og Romsdal har kome den nye forskrifta i møte ved å ha eit tifredsstillande tilbod til hushaldningane frå januar/februar 1994.

2. Bakgrunn for tiltaket

På grunnlag av tidlegare erfaring med batteriinnsamlinga har fylkesmannen lagt stor vekt på å få til eit "felles" system for alle kommunane i fylket, basert på landsomfattande opplegg og symbol.

Fylkesmannen tok derfor initiativ til å innføre Skvett'n i Møre og Romsdal. I januar 1993 blei ei prosjektgruppe oppnemnt for å vurdere ulike former for innsamlingsordningar. Prosjektgruppa hadde desse medlemmane:

- Peder A. Almedal (Søre Sunnmøre Reinhaldsverk)
- Anders Assev (Ålesundsregionens Utviklingskontor)
- Per Fredrik Brun (Fylkesmannen i Møre og Romsdal)
- Berit Øren Holo (Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap)
- Inge Skogheim (Surnadal kommune, Nordmøre Interkommunale Renovasjonsselskap)
- Sveinung Valderhaug (Giske kommune)
- Kjetil Årøen (Volda/Ørsta Reinhaldsverk)

Prosjektgruppa avslutta arbeidet i juni 1993 med å legge fram ein rapport utifrå sitt mandat. Da hadde dei vurdert ulike innsamlingsordningar som miljøbil, aksjonar og lokale mottak, og tilrådde val av lokale spesialavfallsmottak og Skvett'n som symbol for innsamlinga.

Skvett'n som system og symbol vart utvikla i Nord-Trøndelag og omfattar der heile fylket, så det var naturleg at prosjektgruppa si drøfting tok utgangspunkt i denne modellen. Nord-Trøndelagsmodellen kan på eit vis sjåast som ein kombinasjon av

stasjonære lokale mottak og av miljøbilmodellen (Innføring av Skvett'n i Møre og Romsdal, s 7-13).

Nord-Trøndelagsmodellen

26 kommunar (inkl. Osen og Roan frå Sør-Trøndelag) i Nord-Trøndelag har utplassert ca. 60 spesialavfallsmottak. Alle husstandar får utlevert "miljøeske" av papp for oppbevaring av spesialavfallet i hushaldninga. Miljøeska skal leverast til miljøstasjonen som normalt står plassert ved ein bensinstasjon. Eska er påtrykt eit enkelt deklarasjonsskjema som blir fylt ut ved levering. Ein innsamlar har ansvar for innsamling av avfallet frå alle mottaka i fylket. Han køyrrer faste ruter og nyttar kassebil. Alle stasjonane blir tømt omlag ein gong pr. månad. Innsamlaren oppsøker samtidig gardbrukarar, forretningar og industri etter avtale. Desse betaler ved levering etter prisliste. Ordninga er finansiert gjennom renovasjonsavgifta for privatpersonar/hushaldningar. Det er ei omfattande informasjonskampanje knytta til ordninga: Eiga spesialavis til alle husstandar, annonsar og redaksjonelt stoff i avisene, stands på messer o.l., infoplakatar i forretningane, informasjonspakke til skolane (lysbildeserie med kassett), video, kalender med køyrreruta, Skvett'n symbol osv.

2.1. Tiltak fra prosjektgruppa

Prosjektgruppa rådde kommunane til å velje ein modifisert Nord-Trøndelagsmodell som grunnlag for ei felles ordning for innsamling av spesialavfall i Møre og Romsdal (Innføring av Skvett'n i Møre og Romsdal, s 7-13). Innsamlinga skulle profilerast under symbolet Skvett'n, og ein skulle gjere bruk av lokale spesialavfallsmottak. Ordninga i fylket skulle organiserast i form av samarbeid innan 6 område der dei ulike kommunane/interkommunale renovasjonsselskapene samarbeide om felles bestilling av materiale og ordning innan kvart område. For kvart område skulle det vere ein koordinator som samordna dette.

3. Organisering

Inndelinga av område blei slik som foreslått av prosjektgruppa (Innføring av Skvett'n i Møre og Romsdal, s 7-13, kap. 3.2.). Kvart enkelt område har stått fritt til å bestemme kor nært dei vil samarbeide. Med basis i etablerte interkommunale avfallsselskap eller andre naturlege samarbeidsorgan/område, varierer det mellom to hovudmodellar:

A. Områdekoordinatorane har hatt som ansvar å drive og vedlikehalde mottaka i sitt område. Den områdeansvarlege har hatt eit økonomisk ansvar og har mottatt driftstilskott frå sine kommunar til dekning av transport, sortering, emballering, deklarasjon og avsluttande destruksjon/behandling av avfallet. Driftstilskottet blir fastsett gjennom ei samarbeidsavtale mellom kommunane. Gjennom områdekoordinatoren kan kommunane samordne innkjøp for supplering og vedlikehald av dei lokale spesialavfallsmottaka og av lokale innsamlingsordningar.

B. Områdekoordinatoren har vore kontaktperson og initiativtakar for ønska samordning innan området. Områdekoordinatoren har ikkje nødvendigvis hatt drift- og økonomi-ansvar. Gjennom områdekoordinatoren har kommunane i området samordna sine innkjøp og avtaler for evt. drift, vedlikehald og supplering av dei lokale spesialavfallsmottaka.

Kvar kommune eller avfallsselskap etablerte eitt eller fleire mottak, kommunen bestemte sjølv tal og storleik på containerane. Det blei føresett at containerane held fastsette spesifikasjonar og har tilfredstilande tilsyn der dei vert plasserte. Kommunane kan sjølv halde vedlike sitt nett av lokale mottak.

Områdekoordinatorane oppretta avtaler med SFT-godkjente innsamlarar på vegne av og/eller i samarbeid med kommunane. Det er mange kommunar som hadde avtaler med innsamlarar som bind kommunen i noko tid framover. Kommunen dekkjer utgiftene til drift og vedlikehald av ordninga i sitt område.

Det er tre alternativ til kven som skal transportere, sortere, deklarere og omemballere spesialavfallet frå dei lokale spesialavfallsmottaka:

- a. Kommunane/renovasjonsselskapa gjer det sjølv og leverer sentralt til ein innsamlar.
- b. Kommunane overlet det til eit renovasjonsselskap, som leverer sentralt til ein innsamlar.
- c. Kommunane overlet det til innsamlarane å ta heile prosessen.

Ved alternativ c. kan kontraktane med innsamlarar bygge på:

- ein totalpris uavhengig av innsamla mengde,
- eller ein pris for henting og transport basert på talet av containerar og innbyggjarar, samt destruksjon pr. kg.

3.1. Styringsgruppa

På fylkesnivå vart det oppretta ei styringsgruppe sett saman av områdekoordinatorane. Gruppa vart leia av prosjektlearen som samtidig var representant for Fylkesmannen.

Styringsgruppa har bestått av:

- Inge Skogheim, Surnadal kommune. Han har vore områdekoordinator for eit utvida NIR (Nordmøre Interkommunale Renovasjonsselskap). Dette gjeld Aure, Smøla og Tustna, samt NIR som har følgjande medlemskommunar: Surnadal, Sunndal, Rindal, Kristiansund, Frei, Halsa og Tingvoll.
- Berit Øren Holo, Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap (RIR). Ho har vore områdekoordinator for eit utvida RIR. Dette gjeld Vestnes, Aukra, Sandøy og Rauma, samt RIR som har følgjande medlemskommunar: Molde, Midsund, Eide, Fræna, Averøy, Gjemnes og Nesse.
- Anders Assev, Ålesundsregionens Utviklingskontor. Han har vore områdekoordinator for Ålesundsregionen som består av kommunane: Ålesund, Skodje, Ørskog, Sula, Haram og Giske.
- Steinar Belsby, Stranda kommune. Han har vore områdekoordinatorane for Indre Storfjord-området som omfattar kommunane: Stranda, Sykkylven, Stordal og Norddal.
- Peder A. Almedal, Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (SSR). Han har vore områdekoordinator for eit utvida SSR. Dette gjeld Sande og Vanylven, samt SSR som har følgjande medlemskommunar: Herøy, Hareid og Ulstein.
- Kjetil Årøen, Volda/Ørsta Reinhaldsverk (VØR). Han har vore områdekoordinator for VØR-området som består av kommunane: Volda og Ørsta.
- Lisbeth Aune, prosjektleiar, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Reidun Sem Kallestad, overingeniør, Fylkesmannen i Møre og Romsdal har deltatt på dei fleste møta i styringsgruppa.

Fylkesmannen og styringsgruppa si oppgåve har vore å samordne innføringa på vegne av kommunane i Møre og Romsdal. Styringsgruppa har sytt for naudsynt innhenting av data frå kommunane som tal på containerar, innhenting av tilbod på containerar, innhenting av tilbod på verneutstyr, innhenting av tilbod og tal på Skvett'n esker, informasjonsopplegg utover tilboden frå Trio Media. Fylkesmannen utforma ein felles søknad til SFT (Statens Forureiningstilsyn) om tilskott for samlege kommunar.



Utgifter til etablering av ordninga og innkjøp blei dekt av kommunane saman med tilskott frå SFT. Ei samordning på fylkesnivå gjorde det lettare å oppnå tilskott, og ga stordriftsfordelar på innkjøp og informasjon.

3.2. Valgt løysing i Møre og Romsdal

Utvida NIR-område

I eit utvida NIR er det 10 kommunar som samarbeider. Teknisk sjef i Surnadal har vore områdekoordinator, men har ikkje hatt noko økonomisk ansvar for andre kommunar enn sin eigen. Kommunane har inngått ei felles avtale med Veglo Miljøservice A/S frå Nord-Trøndelag om innsamling. Avtala er basert på innsamling av spesialavfall ein gong pr. månad og fast pris pr. innbyggjar. Teknisk etat eller miljøvernleiar i kvar kommune er ansvarleg for oppfølging og vedlikehald av ordninga. Kvar kommune har ordna avtaler om utplassering av containerar og oppfølging av bensinstasjonar og butikkar der dei lokale spesialavfallsmottaka er plassert, utdeling av aviser, esker og innkjøp av verneutstyr. Kommunane innan NIR har ikkje eit tettare samarbeide enn dei andre.

Utvida RIR-område

I eit utvida RIR er det 11 kommunar som samarbeider. Prosjektleiar i RIR har vore områdekoordinator. 7 av kommunane er medlem av RIR og der har områdekoordinator drifts- og økonomiansvar. Rauma, Sandøy (med modifikasjonar) og RIR har inngått ei felles avtale om innsamling med I. B. Kjørsvik i Årdalen. Avtalen går ut på tømming ein gong pr. månad i eit år, med faste transportkostnader og destruksjon pr. kg i tillegg. I.B. Kjørsvik registrerer avfallet som kjem frå kvar container og han har knytt ein eigen tømmebil med Skvett'n symbol til ordninga, som ei kontinuerleg synleggjering og profilering. Vestnes kommune hadde ei ordning frå før og Aukra kommune ordnar seg på eiga hand. For RIR-kommunane blei alt det praktiske ordna av områdekoordinatorene, Nesset ordna alt sjølv fram til 1.1.1994, da dei blei medlem i RIR. I Rauma, Sandøy og Aukra ordna teknisk etat/miljøvernleiar med konsesjonssøknad, avtaleinngåing med bensinstasjonar og butikkar der dei lokale spesialavfallsmottaka er plassert, innkjøp av verneutstyr og utdeling av materiale. Vestnes kommune har delteke i samarbeidet om innkjøp av informasjon.

Ålesundregionen

Ålesundregionen er eit samarbeid mellom 6 kommunar, der områdekoordinator er tilsett ved Ålesundsregionens utviklingskontor og formidlar informasjon til og mellom kommunane. Kvar kommune har sjølv ordna med konsesjonssøknad, avtaler med bensinstasjonar og butikkar der dei lokale spesialavfallsmottaka er plassert, innkjøp av

verneutstyr og utdeling av informasjon. Giske og Skodje hadde ordning frå før og tidlegare inngått ei avtale med innsamlar Br. Haugen, men deltok i informasjons-samarbeidet. Dei andre kommunane inngjekk ei felles avtale med Miljørens A/S om å tømme, reingjere, vedlikehalde, sortere, deponere, omemballere og deklarerere. Denne avtalen er bygd på fast pris pr. innbyggjar.

Indre Storfjord-området

Indre Storfjord-området består av 4 kommunar, der alle kommunane har ordna avtale-ingåinger, utdeling av informasjon o.l. på eigen hand som i Ålesundregionen. Område-koordinator har vore teknisk sjef i Stranda kommune. Han har ikkje hatt noko økonomisk ansvar i høve til dei andre kommunane. Stordal kommune hadde ordning frå før og avtale med Br. Haugen om innsamling, men deltok i informasjonssamarbeidet. Dei andre har gått saman om ei felles avtale med Miljørens A/S om at dei skal hente, sortere, deklarerere og omemballere spesialavfallet i kommunane.

Utvila SSR-område

SSR, som er eit interkommunalt avfallsselskap for 3 kommunar, og Sande har inngått eit tettare økonomisk samarbeid. Områdekoordinatoren har ordna det meste for heile området i startfasen, sjølv om Sande bl. a. har inngått avtaler sjølv med bensinstasjonar og butikkar der dei lokale spesialavfallsmottaka er plassert. Vanylven hadde ordning frå før, men blei med på informasjonsdelen. SSR og Sande har ikkje inngått nokon avtale med innsamlarar, slik at førebels samlar SSR inn, sorterer ut og omemballerer spesial-avfallet sjølv. Det blir sidan køyrd til Vest-Miljø A/S, der dei betalar destruksjons-kostnadene. Om dei held fram med denne ordninga eller overlet henting ved sentralt anlegg til innsamlarar i fortsetjinga er usikkert.

VØR-området

VØR består av 2 kommunar som har gått saman om eit interkommunalt avfallsselskap. Områdekoordinator er tilsett i VØR og har teke hand om alt økonomisk, praktisk og organisatorisk. Ein person har tilsyn med dei lokale spesialavfallsmottaka og avfalls-selskapet hentar avfallet frå containerane. Dei omemballerer etter behov og plukkar sjølv ut grovavfallet. Reinhaldsverket har personell med ADR-sertifikat og kan sjølv transportere og levere spesialavfallet til Vest-Miljø A/S, der det vert betalt for slutt-behandling.

4. Innføring av Skvett'n

Det er gjort erfaring frå innføringsprosessen, ikkje frå innsamlinga. Ramma rundt innføringa var at kommunane deltok med nokre minimumsfaktorar, slik at ordninga for publikum er lik i heile i fylket og vi dermed kan si vi har ei felles løysing. Det har samstundes vore viktig å gi kommunane valfridom innafor denne ramma.

I denne prosessen skulle Fylkesmannen:

- Ta initiativ til oppstart og samordne innføringa av Skvett'n i Møre og Romsdal
- Følgje opp områdekoordinatorane
- Innhente tilbod og samordne felles bestilling frå dei ulike utstyrsprodusentane

Fylkesmannen søkte SFT om og fekk 100% tilskott til drift av styringsgruppa, samt lén til prosjektleiari.

Prosjektleiar blei ansatt for ca. eit halvt år og starta arbeidet 1. oktober 1993. Ordninga var tenkt igangsett frå 1. januar 1994.

Kommunane hadde svarfrist til 10. september 1993, om dei ville delta i innføringa av Skvett'n i Møre og Romsdal. Alle kommunane ga positive tilbakemeldingar innan midten av november. Kommunane slutta seg til heile eller delar av Skvett'n slik prosjektgruppa hadde tilrådd, men nokre av kommunane hadde innvendingar eller merknader til opplegget, eller dei hadde innført innsamling frå før. Alle blei med på informasjonsdelen. Deira vidare engasjement varierte med ordninga dei hadde frå før.

29.11.1993 vart søknad om tilskott frå kommunane sendt til NORSAS som behandla og ga sin tilrådning til SFT. SFT godkjente den og ga tilslagn om tilskott 28.12.1993 (vedlegg 2.).

På grunn av litt sein oppstart og det faktum at ting tar tid, blei heile prosessen forseinka ca. ein månad. Dei første kommunane starta derfor opp i månadsskifte januar/februar, da hadde alle kommunane fått tilsendt alt utstyr. Dei siste delte ut esker og avisar i byrjinga av april. Pr. dato har alle kommunane i Møre og Romsdal innført Skvett'n.

4.1. Kontaktperson

Fylkesmannen ved prosjektleiar var kontaktperson både mot kommunane, områdekoordinatorane, informasjonsselskap og utstyrleverandørane. Det blei ansett som essensielt at prosjektleiar var den som alle kunne henvende seg til, og som til ein kvar tid var oppdatert på alle områda. Kommunane og dei områdekoordinatorane som ønskte det, brukte dermed minimalt med tid og ressursar. Ein unngår også unødige problem og forseinkingar. Ein av fordelane er at alle i heile fylket får dei same opplysningane og råda, og at ingen treng å finne opp "kruttet" på nyt.

4.2. Konsesjonsbehandling

Kvar kommune måtte søke om konsesjon for etablering og drift av mottakslassar, samt opprette ein samarbeidsavtale med NORSAS om drifta, før det blei søkt om tilskott. Før Fylkesmannen ga konsesjon for etablering av mottakslassar blei det krevd driftsavtaler mellom kommunen og bensinstasjon eller butikk der dei lokale spesialavfallsmottaka er plassert. Det er ein sikrare ordning både for kommmune og mottak. Ein fordel er at ved avtalebrot kan containeren lettare flyttast. Korleis det praktiske ellers blir ordna, er opp til kommunen og mottaket, og vil variere frå kommune til kommune.

4.3. Utstyr på dei lokale spesialavfallsmottaka

Prosjektgruppa hadde på førehand innhenta tilbod på containerar og områdekoordinatorane stod sjølv i kontakt med containerleverandørane for tinging innafor deira område. Fylkesmannen var i tillegg kontaktperson, slik at det blei rekna som ei felles tinging. Det har utelukkande kome positive tilbakemeldingar frå containerleverandørane. Dei hadde berre prosjektleiar og områdekoordinatorane å forhalde seg til, istaden for ein frå kvar av dei 38 kommunane. Tre containerleverandørar blei nytta på tilråding av prosjektgruppa. Felles bestilling av containerar gjennom Fylkesmannen medførte gunstige pristilbod. Kvar områdekoordinator spesifiserte i sin tur tal, storlek og kor den skulle leverast. Kommunane kunne ved val av ein felles leverandør ha oppnådd større rabattar, men da hadde det blitt tap av sjølvstyre og fleksibilitet.



4.3.1.Containerar

ATC Trans leverte store blå containerar i storleik 8 og 12 m³ : 19 stk

Mini-Mek, Moelven leverte mellomstore, rauda containerar i storleik 3 og 4,5 m³: 53 stk

Re-sort Sykkylven leverte små rauda og kvite containerar i storleik 2,1 m³ : 40 stk

Områdekoordinatoren i SSR bestilte containerar på eigen hand gjennom Hareid Skibsservice. Sjølv om både storleik og farge varierer er alle containerane levert med likeinse skilt, der det står "SPESIALAVFALL", med Skvett'n figuren på den eine enden og resirkuleringslogoen for spesialavfall på den andre (vedlegg 4, side 3 og 4).

4.3.2.Verneutstyr

Prosjektleiar har innhenta tilbod frå ulike forhandlarar og sendt ut oversikt over verneutstyr med prisar til kommunane. Kva verneutstyr som trengst, varierer med storleik på containerane (vedlegg 1).

4.4. Finansiering

Innsamlinga av spesialavfall i Møre og Romsdal skulle i utgangspunktet vere ei "gratis" ordning for abonnentane. Alle driftsutgifter må dekkast over renovasjonsbudsjettet, dvs. innarbeidast i avgiftene for kvar abonnent. Det vart tilrådd frå prosjektgruppa at kvar kommune sette av ca. kr 8 pr. innbyggjar på renovasjonsbudsjettet for 1994. Dette skulle da dekkje investeringane, samt drift av ordninga forutsatt 2/3 stats tilskott på investeringane. Kjøp av containerane kjem i tillegg, da dei varierer mykje i storleik, pris og tal mellom kommunane.

4.4.1. Søknad om felles tilskott

Søknad om felles tilskott til NORSAS/SFT medførte:

- Redusert arbeidsmengde for kommunane og områda
- Ingen blei utegløymt, ideane kom alle tilgode.
- Minimaliserte problema
- Redusert arbeidsmengde for NORSAS/SFT som behandla søknaden

Fylkesmannen innhenta opplysningane om behova og ønska til kommunane, frå områdekoordinatorane. Det blei satt opp ein standard for søknad om tilskott, til dømes planering av område i relasjon til containerstorleik, og på verneutstyr ut frå storleik og tal på containerar. Informasjonskostnadene blei fordelt på kommunane (vedlegg 1).

Investeringskostnadene for kommunen blei rekna til 4,3 mill. kroner. Tilsagnet om tilskott frå SFT er på 2,7 mill. kroner (vedlegg 1). Fylkesmannen har fått belastningsfullmakt på tilsagnet, og skal fordele tilskottet på kommunane, etter kva forbruk dei har hatt.

Det er laga eit oppsett for tilsagnet og sendt ut ein oversikt over dette til kommunane, slik at dei kommunane som er ferdig med sine investeringar kan søkje om utbetaling av tilskottet.

4.4.2. Samarbeide med NORSAS

NORSAS (Norsk Spesialavfallselskap) blei oppretta i 1988 og er eigd av Miljøverndepartementet, Kommunenes Sentralforbund (NKS) og Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO).

NORSAS behandler søknader om tilskott til etablering av spesialavfallsmottak og gir tilrådinger til SFT. For å få tilskott krev NORSAS at informasjon må inngå i opplegget.

Blir Skvett'n brukt har NORSAS følgande reglar:

- At kommunane får god tilgang til innsamlingsordninga
- At kommunane/renovasjonselskapa prioritær informasjon og profilering til forbrukarane
- Alle kommunane skal informere NORSAS om korleis dei legg opp innsamlinga og informasjonen når dei benytta Skvett'n
- Skvett'n har ei utforming og figuren er laga i ulike situasjonar. Etterligningar vil ikkje bli godteke. NORSAS kan levere ei oversikt over alle dei figurane som er tilgjengeleg.
- NORSAS meiner at alle skal bruke dei 5 miljøreglane som er utarbeida, og godkjent av NORSAS og SFT, slik at alle har eit felles bodskap til forbrukarane (vedlegg 5.).

Under heile prosjektperioden og innføringa av Skvett'n har det vore god kontakt mellom Fylkesmannen og NORSAS. Møre og Romsdal er eit vanskeleg tilgjengeleg fylke med øyer, fjordar og fjell. NORSAS heldt fast på sine normer for tilråding av tilskott. Kommunane fekk likevel tilsagn på det meste dei hadde søkt om.

Fylkesmannen sit i Referansegruppe for utvikling av Skvett'n som NORSAS har oppretta med støtte frå SFT og Miljøverndepartementet.



4.5. Informasjon

4.5.1. Spesialavfalleske

Både prosjekt- og styringsgruppa tilrådde sterkt at ordninga blei basert på Skvett'n esker. Det er viktig at eskene er skikkeleg merka. Ein trur at dette vil auke mengdene som blir levert og fungere som ei påminning i heimen.

Vurderingane gjekk på kva eske (pris og kvalitet) som burde velgast. Fylkesmannen innhenta tilbod frå tre ulike firma på måla 380 x 280 x 300 mm og kvaliteten K.4.B-flute. Prisen blei lågast frå Trio Media, med ein stykkpris på kr 4.95 pr. eske med 3 farger og svensk botn (svensk botn er ein konstruksjon der brukar må brette eska med botn sjølv). Dette inkluderte 2 variantar, tekst på nynorsk og bokmål. Styringsgruppa var med å utforma teksten.

Styringsgruppa vedtok å bestille 30 % fleire esker enn tal på husstandar. Utrekning og fordeling av talet på esker i høve til målføre og innbyggjartal i kvar kommune blei utført av Fylkesmannen. I motsetning til i Nord-Trøndelag har ikkje eska påtrykt deklarasjonskjema. Det er ikke meiningsa at publikum eller betjeninga på bensinstasjonen eller butikken der spesialavfallsmottaket er plassert skal deklarere avfallet. Dette er kommunane sin oppgåve som dei kan leige inn hjelp til å gjere.

Nokre kommunar søkte om tilskott for å ha plastposar i eskene, men det blei ikkje innvilga. Grunnjevinga til NORSAS var at dei har visse normer å gå etter og at dei

prioriterer at alle kommunane skal få tilskott.

4.5.2. Avis og informasjonspakke

I prosjektgruppa si tilråding låg det til grunn i budsjetteringa, eit val av reklamebyrået Trio Media AS frå Namsos ved innkjøp av informasjonspakka. Trio Media har laga liknande informasjonspakker tidlegare, dei var bl.a. med i utforminga av Nord-Trøndelagsmodellen. Det blei hevda at kommunane avgjorde sin deltagning i innføringa av Skvett'n på grunnlag av denne tilrådinga. Styringsgruppa kunne derfor ikkje gå ut og hente inn tilbod på informasjonspakka frå anna hald. Gruppa hadde likvel mynde til la vere å kjøpe enkelte delar i informasjonspakka, til dømes skolepakka.



Avisa var eit godt produkt som vi ønska å kjøpe inn. Det blei oppnådd ein bedre pris enn i tilrådinga, samt at vi fekk heile avisene i farger, på begge målformer og andre justeringar slik vi ville, pga. storleiken på bestillinga. Her har det vore rom for fleksibilitet og lokale tilpassingar.

Styringsgruppa bestemte innhaldet i avisene (vedlegg 4.).

Prosjektleiar sat som kontaktperson mellom områdekoordinatorane og informasjons-selskapet Trio Media. Dette var både tids-og ressurssparande.

I informasjonspakka frå Trio Media låg og eit tilbod til ungdomskolane om ein lysbilde-serie. Styringsgruppa meinte denne var eit dårlig og lite gjennomtenkt tilbod, særskilt i høve til prisen. Det blei istaden vedteke å kjøpe inn videoar frå NORSAS til ungdom-skolane. Prisen låg på 10 % av prisen for lysbildeserien. Med videoane følgde forslag til oppgåver for elevane. Det vart ikkje bestilt nok videoar til alle ungdomskolane i fylket. Dei blei sendt til kvar kommune for vidare distribuering, samt at ansvarleg for ordninga i kvar kommune fekk ein video.

Dette er eit forsøk på å gi informasjon, samt skape haldningar til den oppveksande generasjon. Det idelle er om dei kan formidle haldningane vidare til sin familie og at det igjen fører til at større mengder spesialavfall blir samla inn. Vidare at innkjøpt og sidan produsert mengde med spesialavfall blir redusert.

Elles i informasjonspakka var det plakatar til å henge opp f.eks. på innsamlingsstadene og i kommunane, og klistermerker til utdeling. Alle kommunane, bensinstasjonane og butikkane der spesialavfalls-mottaka er plasserte fekk utdelt ein informasjonsperm kvar som omhandlar systemet. Alt informasjonsmateriell er levert i ønska målform. I den opprinnelege informasjonspakka frå Trio Media låg det også innkjøp av huskelappar, men det blei ikkje bestilt.

Det blei vurdert å kjøpe inn brevpapir med Skvett'n symbol på. Istaden fekk vi ein diskett med dei tilgjengelege Skvett'n figurane på frå NORSAS. Dei er no distribuert via områdekoordinatorane til kommunane, såleis kan kommunane bruke Skvett'n-figuren i lokale informasjontiltak.

4.5.3. Informasjonskampanje

Kvar hustand fekk utdelt ei informasjonsavis og ei spesialavfalleske. På baksida av kvar avis er det eit kart med oversikt og adresser over kor dei lokale mottaka finst. Avisa er dermed i 6 utgåver etter dei 6 områda fylket er delt inn i (vedlegg 4), samt at avisene er trykt i nynorsk og bokmål utgåve etter ønske.

For å nå ut med informasjonen til publikum blei det prioritert informasjon til mellom-leddet, dvs. dei som driv bensinstasjonen eller butikken der spesialavfallsmottaka er plasserte, dei interkommunale renovasjonsselskapene og kommunane. Det er trass alt dei som er i dagleg kontakt med publikum og får evt. spørsmål. Vi har brukt erfaringane fra Nord-Trøndelag som seier at informasjon til dette ledet er avgjeraende for kor vellykka systemet er. Det er derfor laga eigne informasjonspermær som alle bensinstasjonar og butikkar der spesialavfallsmottaka er plasserte, kommunane og dei interkommunale renovasjonsselskapene har fått.

Fylkesmannen hadde sin årlege pressekonferanse 05.01.94. Der blei det informert om Skvett'n og innsamlingssystemet. Resultatet var intervju med prosjektleieren på radio (NRK Møre og Romsdal) og ein reportasje i Romsdals Budstikke (vedlegg 6.). Områdekoordinatorane skulle spre vidare informasjon i fylket ut lokalt (vedlegg 6.). Dette har resultert i at alle ikkje har fått like god dekning. Dette burde kanskje vore gjort frå sentralt hald, til dømes med annonsering i alle aviser. Eit anna problem er at innføring av Skvett'n kanskje ikkje var ein nyheit for pressa, slik at dei var heller lunkne i si dekning.



Det skjedde eit uheldig feiltrykk på baksida av avisene etter at det var lest korrektur. Trio Media har lova alle dei kommunane som fekk feiltrykk på karta i sine aviser ein brosjyre med oppdatert karttrykk. Dei kommunane som ikkje fekk feil i sine aviser, får tilbod om å kjøpe brosjyrane. Trio Media skal ta kontakt med områdekoordinatorane om dette. Styringsgruppa er einige i at mai/juni er ei fin tid for mediaoppfølging ut til publikum.

Hausten 1994 vil NORSAS, SFT og Statens Informasjonstjenester (SI) setje i gang ein landsomfattande informasjonskampanje. Kampanjen vil omfatte innslag på TV og tilbod om ulike grader av brosjyredeltaking for kommunane. Fylkesmannen og områdekoordinatorane bør vere med å oppfordre kommunane til følgje opp informasjonskampanjen til NORSAS, enten ved å kjøpe frå sentralt hald eller sjølv å lage informasjon i for- eller etterkant. Det gjeld å utnytte gratis informasjon/reklame mest mogleg. Ein reknar med og håper at media vil følgje opp dette.

4.5.4. Kurs

Fylkesmannen har i samarbeid med NORSAS arrangert kurs for personell ved bensinstasjonar og butikkar der dei lokale spesialavfallsmottaka er plassert, dei interkommunale renovasjonsselskapene og kommunane i fylket.

Mindre lokale spesialavfallsmottak: Dette var spesialkurs som gjekk over ein dag, for personell på bensinstasjonar og butikkar der spesialavfallsmottaka er plasserte. Til kvar container som fekk tilskott var det knytt eit slikt kurs. Kursa fekk statstilskott på 100%. Av dei 122 tilskottsberettiga møtte ca. 100 stk. Det meiner vi er bra, da dei fekk kort varsel på førehand. Dei fekk i regelen dekt reisepengane frå kommunen, men ikkje dekt tapt arbeidstid.

Kommunen: Kursa gjekk over 2 dagar, og blei arrangert for kommunepersonell og personell for dei interkommunale renovasjonsselskapene. Dette er dei ordinære standardkursa som NORSAS arrangerer, som er tiltenkt personell på større spesialavfallsmottak enn dei som stort sett finst i Møre og Romsdal. Standardkursa fekk tilskott frå SFT med 100% og gjekk som ekstrakurs i Molde i april.

Reknar ein med dei som har delteke på tilsvarende kurs tidlegare, manglar pr. dato 5 av 38 kommunar personell med denne kompetansen i Møre og Romsdal. Der renovasjons-selskapa har vore på kurs treng ikkje kommunepersonellet denne kompetansen.

4.6. Områda og kommunane si rolle i prosessen

Kommunane blei med på det dei sjølv ville, med eit minstemål på kjøp av aviser og informasjonspakka. Nokre kommunar hadde containerar og/eller esker frå før.

Områda og kommunane ordna:

- utdeling av esker/informasjonsaviser, avtaler med foreiningar/lag
- tilbod på og kontrakt med innsamlar
- organisering av innlevering av spesialavfallet frå hushaldningane

4.6.1. Utdeling av informasjon

Kommunane eller områda inngjekk avtaler med idrettslag, musikk-korps eller andre organisasjonar som tok på seg å dele ut ei eske og ei avis til kvar husstand. For dette fekk dei betalt mellom kr 2,75-5,00 pr. husstand. 2/3 av kostnadene blei dekt av tilskottet frå SFT og kommunen dekte resten.

4.6.2. Innsamlarar

Kvart område gjekk ut til fleire innsamlarar og innhenta tilbod. Det blei bl.a. spurta etter kostnader på fast pris pr. innbyggjar eller kostnader på fast transportrunde og destruksjon pr. kg i tillegg (sjå pkt 3.).

Områda har inngått kontrakter på ulikt grunnlag med ulike innsamlarar (sjå pkt 3.2.), førebels for ca. eit år. For å sikre at systemet blir best mogleg bør dei samlast før avtalene reforhandlast, for å evaluere ordninga.

På sine innsamlingsrundar kan innsamlaren samtidig oppsøke gardbrukarar, forretningar og industri etter avtale, som da betaler etter prisliste.

4.6.3. Levering av spesialavfall

Publikum skal leve spesialavfallet sitt til bensinstasjonen eller butikken der spesial-avfallsmottaket er plassert. Korleis dette går føre seg varierer mellom kommunane og områda:



- Ein tek med spesialavfallleska til mottaket og leverer den frå seg, og får ei ny eske.
- Ein tek med spesialavfallleska til mottaket og leverer innhaldet frå seg, og tar med seg si eiga eske tilbake.
- Ein tek med spesialavfallleska eller plastposen til mottaket, leverer plastposen med innhald frå seg og får ein ny plastpose til å ha i eska.

Oppgåvene til bensinstasjonane, avfallsplassane eller butikkane der dei lokale spesialavfallsmottaka er plassert kan variere, noko som vil kome fram i driftsavtala mellom kommunen og bensinstasjonen eller butikken (vedlegg 7.). Når publikum kjem med spesialavfallet til det lokale spesialavfallsmottaket kan det handterast på ulik måte:

- Betjeninga kan ta imot eska eller innhaldet og sette avfallet på plass når det passar,
- Betjeninga kan bli med kunden ut til containeren og setje inn eska eller innhaldet,
- Betjeninga overlet nøkkel til publikum (evt. mottaket står ulåst) for sjølvbetjening og kan evt. rydde i mottaket ved eit seinare høve.

I Rauma har mottaka fått utdelt plastdunk slik at betjeninga kan setje eska ned i den og ved slutten av dagen trille dunken ut til containeren og setje eskene inn.

Meininga er at arbeidet skal vere rasjonelt og effektivt for betjeninga, det skal ikkje gå utover deira vanlege arbeidsoppgåver. Fordelane for bedrifta er at dei skal kunne profilere seg som ei bedrift som tek miljøet på alvor, samt at når kundene leverer spesialavfall, er det ofte kombinert med andre ærend ved bedrifta.

5. Evaluering

5.1. Organisering av områda

Fylket er delt i 6 områder, kvar med sin områdekoordinator. Inndelinga er prøvd gjordt så naturleg som mogleg, ved å utnytte dei ordningane som var frå før (avfallsselskap), samt ein naturleg geografisk oppdeling. Resultatet er at nokre områder er store og nokre er små. Samarbeidet/organiseringa innan kvart område varierer avhengig av struktur og kva kommunane er interessert i. Denne inndelinga har så langt berre gitt positive resultat, både for Fylkesmannen og for kommunane.



Dette har utvikla samarbeidet mellom mange kommunar på fleire områder, og til ein utviding av kontaktflater. Områdekoordinatorane meiner at samarbeidet mellom kommunane og mellom områda har auka etter at innføring av Skvett'n starta. Dette pga. at det er oppretta ein dialog over kommunegrensane, da kommunane må få og gje tilbakemelding, svar, finne ut ting osv.

Områda fungerte likevel best der det var oppretta avfallsselskap. Der teknisk sjef eller andre er koordinator, vil faste plikter på andre område føre til at tida ofte ikkje strekk til. I staden for å kunne ta ei avgjersle, må teknisk sjef heile tida vere sikker på at han har alle kommunane med på prosessen. I område med interkommunale avfallsselskap har kommunane overlete dette ansvaret og avgjerslene til avfallsselskapene. Dette er samstundes både tids- og ressursinnsparende. Oppretting av nye avfallsselskap er noko som ein bør tenkje på evt. at enkelte kommunar kan knytte seg til allereie eksisterande avfallsselskap.

5.2. Styringsgruppa

Prosjektleiar hos Fylkesmannen og dei 6 områdekoordinatorane har danna ei styringsgruppe, der alle felles avgjersler på fylkesbasis er tatt, sjølv sagt med etterhald om kommunane sin godkjenning.

Det har vore halde 5 møter i styringsgruppa. Gruppa har særleg i etableringsfasen vore initiativtakar og har fungert godt. Prosjektleiar innkalla og leida møte i styringsgruppa. Prosjektleiar har utført dei vedtaka som styringsgruppa har kome fram til, men har ikkje sjølv hatt mynde. Dette har vore litt tungvint til tider, men det er kommunane si ordning. Fylkesmannen ved prosjektleiar fungerte som ein samordnar, initiativtakar og pådrivar i prosessen.

Siden Møre og Romsdal er eit stort fylke har det kanskje godt mykje tid med til å reise

for nokre av områdekoordinatorane, men dei har likevel vore positive til å treffast. På det siste møte i styringsgruppa nemnde områdekoordinatorane eit behov for å drøfte andre aktuelle saker knytta til innsamling av spesialavfall og avfallshandtering meir generelt. Det har hendt at områdekoordinatorane har kome inn på andre tema innan avfall. Dette gjer at det blir enklare å ta kontakt seinare for å diskutere andre ting innan avfall enn berre Skvett'n.

5.3. Spesialavfallsmottak

I fylket finst ca. 130 spesialavfallsmottak av ymse storleik inkludert dei som var kome igang frå før. Det blir ca. eit spesialavfallsmottak for kvar 2000 innbyggjarar, noko som medførar god dekning for innlevering. Særleg i eit fylke med særskilt vanskeleg kommunikasjon, med mange fjordar, fjell og øyer er dette viktig. Alle 38 kommunane i fylket har no eit tilstrekkeleg tilbod til sine innbyggjarar. (Sjå vedlegg 4.).

Fylket fekk i denne omgang tilskott til 118 containerar, det blei søkt om 130 (det var allereie etablert 12 mottak). Årsaka er at Rauma og VØR ikkje fekk innvilga tilskott til 100% av dei containerane dei søkte om. NORSAS grunnga dette med fordeling av tilskottsmidlane og at desse kommunane oversteig NORSAS sine normer for tilråding i høve til folketalet. Fylkesmannen er ikkje heilt einig i utfallet, da ein meiner at kommunane hadde ein nøktern og godt gjennomtenkt vurdering ved søknad om tilskott. Både driftskostnadene og 1/3 av investeringane skal betalast av kommunane. Dei hadde i tillegg bestilt små containerar for å gje størst mogleg dekning med knappe ressursar. Nye søknader om tilskott blei sendt straks. Desse søknadene er ikkje behandla endå.

Både plassering og utforming av spesialavfallsmottaka er ein viktig påminnar for publikum. Derfor har alle skilta same teksten "Spesialavfall" som skal vere sjølv-forklarande, samt resirkuleringslogoen til spesialavfall på den eine sida og Skvett'n figuren på den andre (vedlegg 4). Denne skal vere lett å kjenne igjen over heile fylket. At storleik og farge på den enkelte container varierer innan og mellom distrikta skulle derfor vere underordna.

5.4. Informasjon

5.4.1. Spesialavfalleiske

Ved evaluering av kampanjen i Nord-Trøndelag blei det peika på at spesialavfalleiskene har dårlig kvalitet i høve til det dei skal brukast til. Det kan vere vanskeleg å legge tyngre ting, til dømes målingsspann i eska, da vil botn kunne falle ut. Styringsgruppa var klar over dette, men fann det billig og føremålstenleg å bruke eskene frå Trio Media.

Eskene si viktigaste funksjon er likevel å fungere som ei påminning i heimen, om at spesialavfallet skal leverast til spesialavfallsområda. Dei kommunane som har kjøpt inn plastposar til å ha i eskene, vil kunne unngå noko sør ved at avfallet er betre emballert om botn fell ut.

5.4.2. Avis og informasjonspakke

Styringsgruppa er nøgd med utforminga av avis og informasjonspakke. Informasjondelen er nok likevel den delen ein burde arbeida mykje meir med. Sjølv om avis er bra, treng ikkje bodskapet nå fram til publikum for det. Utvikling av avis gjekk fort og greit, Trio Media har laga dette produktet tidlegare. Fylket fekk avis i farger, noko som har forbetra produktet. Det blei også foretatt andre justeringar i høve til opprinnelige

produkt, men styringsgruppa sit igjen med kjensle av at tida blei for knapp til at ein kunne tenke gjennom avisa og særskilt informasjonspakka tilstrekkeleg. Til dømes burde informasjonspermen vore gjennomarbeida på nytt.

Styringsgruppa diskuterte utlevering av huskelappar i forretningar som sel spesialavfall, men områdekoordinatorane meinte det blei for mykje arbeid, i høve til kva som kjem ut av det.

5.4.3. Informasjonskampanje

Utforming og utdeling av avisa og informasjonspakka gjekk greit, men når det kjem til kontakt med pressa, der ein skal gjere ordninga kjent manglar noko etter prosjektleiarars mening. Stoffet blei presentert på Fylkesmannen sin årlege pressekonferanse i byrjinga av 1994, og områdekoordinatorane tok kontakt med si lokale presse. Prosjektleiarar meiner at den delen av informasjonskampanjen manglar "trøkk", ein blei sitjande for mykje på gjerdet. Kontakt med pressa er den vanslegaste og kanskje viktigaste delen, men den som er lettast å hoppe over.

Styringsgruppa burde kjøpt/fatt hjelp til pressedekninga av profesjonelle folk. Dei veit korleis ein skal ta kontakt med pressa, kva bodskap som sel til presse og publikum og dei veit når dette skal gjerast (timing). Prosjektleiar sakna ei slik deltaging i kampanjen. Ein del av problemet skuldast for lita tid til planlegging og ulikt tidspunkt for oppstart, samt at nokre av områdekoordinatorane ønskte å ta vare på denne typen informasjon sjølv.

Om kampanjen har nådd ut til publikum eller om den ville gjort det med profesjonell hjelp er vanskeleg å seie. Uansett er oppfølging av kampanjen viktig. Publikum treng stadige informasjonsdrypp om at ordninga eksisterar. Trio Media vil lage ein brosjyre for dei av kommunane som fekk feil trykk på karta i sine aviser. Dei andre kommunane vil få tilbod om å kjøpe den tilsvarende brosjyren. Denne oppfølgjerkampanjen vil vonleg kome i juni.

5.4.4. Kurs

Dei lokale kursa for personell på bensinstasjonar og butikkar der spesialavfallsmottaka er plasserte kunne gjennomførast pga. det store talet på mottak i Møre og Romsdal og var eit viktig og vonleg vellykka ledd i informasjonskampanjen. Det å informere og dermed motivere mellomleddet (dei aktuelle bensinstasjonane, butikkane og kommunane) i spesialavfallssystemet vil føre til auka innsamling. Det er kome positive tilbakemeldingar frå dei ulike kursa, sjølv om det kanskje var litt mykje teori.

Det er første gong det er halde kurs for dei mindre mottaka (bensinstasjonar, avfalls-plassar og butikkar). Med nesten 90% deltaging må vi seie oss godt nøgde, særskilt med tanke på den korte varselen som blei gitt på førehand.

5.5. Områda og kommunane si rolle i prosessen

Områdekoordinatorane har kommentert innføringa av Skvett'n i vedlegg 3.

5.5.1. Utdeling av informasjon

Kommunene eller områda inngjekk avtaler med idrettslag, musikk-korps eller andre organisasjonar som tok på seg å dele ut ei eske og ei avis til kvar husstand. Ut i frå erfaringar andre stader, kastar mange det som reklame, om eska og avisa blir distribuert i posten. Styringsgruppa tilrådde derfor at det blei inngått avtaler med frivillige

organisasjonar for dør til dør aksjon mhp. utdeling. Når ein får utdelt ei avis/eske i handa er det vanskelegare å oversjå og gløyme bort, enn når noko kjem med posten. Dette verka som ein fin måte å få spredt informasjon på. Spesielt gjeld det dei stadene der utdelarane er vaksne og/eller godt opplært på førehand. Da kan dei informere husstandane samtidig som dei delar ut einingane, og ein kan få formidla mykje verdfull informasjon.

Vi har fått få tilbakemeldingar om utdelinga av informasjon og noko resultat av innlevert spesialavfall er sjølv sagt ikkje kome enno. Det vi veit er at i Sandøy kommune fungerte det veldig bra, der organiserte miljøvernleiaren utdelinga, med informasjonsmøte/-opplæring på førehand. Andre stader har det kome tilbakemeldingar frå organisasjonane som delte ut at publikum var positiv til ordninga og at den var venta. At nokon var merksame på at Skvett'n skulle kome, skuldast nok presseomtale frå tidlegare. I Ulstein kommune blei det misforståing som førte til at eska blei delt ut, men avisa måtte sendast med posten. Fylkesmannen har og fått tilbakemeldingar frå publikum om at dei ikkje har fått utleverert eske og avis. Førebelser er det vanskeleg å fastslå årsaka til dette.

5.5.2. Innsamlarar

Områda har inngått kontraktar med ulike innsamlarar, førebels for eit år. Innsamlarkontraktane blei diskutert på siste møte i styringsgruppa, dette er eit punkt som det er arbeidd altfor lite med i innføringa av Skvett'n. Det blei avtalt at det skulle haldast eit møte i midten/siste halvdel av januar 1995 for å evaluere innsamlingsordninga før avtalene med innsamlarane skal reforhandlast. Etter eit år vil kommunane og områda ha erfaring. Møtet vil bli halde i regi av Fylkesmannen. NORSAS ønsker å vere til stades og informere om kva som bør leggast til grunn ved val av innsamlar og kontrakttype.

5.6. Generelle vurderingar

Alle kommunane i Møre og Romsdal har no eit meget godt tilbod til innbyggjarane om levering av spesialavfall. Prosjektleiar kom inn på eit litt seint tidspunkt i utføringsfasen, men synest likevel at det har fungert rimeleg bra. Målsetninga var å starte opp 1. januar 1994, men alt blei forseinka 1-4 månader. Produktet som publikum får er bra, no manglar det å følgje opp med meir informasjon og meir annonsering ut til publikum, slik at arbeidet ikkje er "bortkasta".

Styringsgruppa konkluderte på siste møte at systemet i Møre og Romsdal er bra, og at innføringa av Skvett'n har vore vellykka. Innføringa har gått enklare der samarbeidsområda har eksistert frå før. Det å utnytte tidlegare områdeinndeling og å opprette nye samarbeidsområder har fungert og ført til at nye kontaktar og alliansar er danna. Styringsgruppa verkar som ei gruppe der mennesker som driv med avfall kan treffast jammleg og da blir det enklare å ta kontakt for å diskutere andre ting mhp. avfall enn Skvett'n. Styringsgruppa bør såleis fortsette å fungere som ei gruppe utover innføringa av Skvett'n, da det stadig vil dukke opp problemstillingar som kan diskuterast, også andre tema innan avfall. Styringsgruppa eller representantar frå styringsgruppa må kunne seie seg villige til å dra rundt og informere i andre fylker og/eller kommunar om erfaringar for innføringa av Skvett'n og sidan erfaringar med innsamlinga av spesialavfall. Prosjektleiar for RJR og prosjektleiar for innføring av Skvett'n blei gjennom NORSAS invitert av Fylkesmannen i Hordaland til å informere kommunane i Hordaland, om våre



erfaringar med innføringa. Dette er eit positivt tiltak som bør støttast.

Nord-Trøndelag sine erfaringar

Nord-Trøndelag er det einaste fylket som har gjort noko lignande, det har derfor vore viktig å trekke lærdom av deira erfaringar, samt tilpassa det til vårt fylke. Dei hevda i evalueringssrapporten at det viktigaste leddet i kampanjen var selgarane i forretningane som sel spesialavfall. Dette er eit ledd som styringsgruppa for innføring av Skvett'n i Møre og Romsdal har sett bort ifrå. Styringsgruppa meinte dette ville ta for mykje tid og ressursar i høve til nytteverdien, slik at huskelappar, informasjonspermar og plakatar til dette leddet har vi sett bort ifrå. Det skal litt til for at dei som lev av å selje spesialavfall skal kaste seg entusiastisk inn i opplysning om kor farleg dette er.

Eit anna ledd som ikkje er blitt følgd opp er seminar for pressa, ved lansering av Skvett'n-kampanjen, samt utdeling av informasjonspermar til journalistane. Styringsgruppa har heile tida vore medviten om kor viktig det er å spele på lag med pressa, men dette punktet har det blitt lagt mindre vekt på. Pressa har i heile perioden, under den tidlegare prosjektgruppa og under styringsgruppa vore interessert og tatt kontakt sjølv. Alle aviser har i løpet av perioden hatt eitt eller fleire innslag (sjå pkt. 5.4.3.).

Spesialavfallleska i Nord-Trøndelag, der kalla miljøeske, er tenkt som hushaldningane sin emballasje av spesialavfallet. På eska finst ei bruksanvisning og eit deklarasjonsskjema. Møre og Romsdal har ikkje tatt med deklarasjonsskjema på eska pga. at vi meiner det vil skape forvirring. Deklarering skal innsamlarane stå for. At publikum brukar orginal-emballasje der det er mogleg og elles merkar godt er ein føresetnad.

Utanom Nord-Trøndelag er det ikkje andre fylke enn Møre og Romsdal som har eit så bra samarbeid om innføring av Skvett'n og tilbod til sine innbyggjarar. Vi er det første fylket som har gitt eit så bra tilbod om kurs til personell på bensinstasjonane og butikkane der det er plassert lokale spesialavfallsmottak.

Belastningsfullmakta blei overført til Fylkesmannen, dette var ikkje medrekna og har tatt mykje av tida i prosjektleiarstillinga. Intensjonane var at SFT skulle utbetale tilskotta, men tilsagnet blei istaden overført til Fylkesmannen. Fylkesmannen har betalt nokre av rekningane og fordelt resten av tilskottet. Enno er ikkje alt utbetalt.

I mars 1994 fekk vi informasjon om ein landsomfattande innsamling av plantevernmiddel frå gardsbruk. Dette er ein aksjon som Landbruksdepartementet har sett i gang saman med NORSAS der dei brukar Skvett'n som symbol. Aksjonen vil gå uavhengig av den etablerte ordningen for innsamling av spesialavfall frå hushaldningane i fylket. Fylkesmannen og områdekoordinatorane meiner det er uheldig at ikkje den etablerte kompetansen og systemet som finst i fylket blir utnytta.

5.7. Tilrådingar

Ein kan følgje opp Skvett'n på ein rekke punkt.

- Mhp. oppfølging av ungdomsskolane kan ein undersøke om: Er videoane brukt? Er dei sendt ut til skolane? Har det vore interesse frå lærarhald til å bruke videoen i undervisninga? Kva nivå i skolane har i tilfelle fått tilsendt video. Kva er reaksjonane til elevane, engasjerer dette?

- Ordninga i Møre og Romsdal er tilrettelagt for hushaldningane. Skolar/føretak/bedrifter som betaler renovasjonsavgift og samstundes har spesialavfall som tilsvrar det ein hushaldning har, bør og få utlevert ei spesialavfallseske. Fylkesmannen arbeider for å få det til, der det ikkje er gjennomført.
- Når det gjeld spesialavfall frå produksjonsdelen til bedrifter, landbruk, helse-institusjonar o.l. er ikkje desse aktørane med i Skvett'n systemet førebels. Spesial-avfallssystemet kan vidareutviklast til å omfatte særskilte ordningar for føretak med mindre mengder spesialavfall. I dag kan dei ta del ved å kontakte innsamlar på køyteruta og såleis spare transportkostnader. Fylkesmannen vil arbeide for at desse skal få eit tilbod og bli kjent med tilboden. Til dømes har kvar bedrift i Nord-Trøndelag fått tilsendt ein eigen brosjyre som omhandlar Skvett'n og korleis dei kan bruke systemet, samt at alle verneombuda i bedriftene er kontakta. Ein kan til dømes sende ut eigen brosjyre til landbruket for å informere om korleis landbruket kan bruke Skvett'n.
- Spørjeundersøking i enkelte kommunar eller i heile fylket om kva dei meiner om Skvett'n, kva dei veit om systemet, evt. praktiske forbeteringar. Dette kan til dømes gjerast saman med NORSAS, evt. at eit av avfallsselskapa tek på seg oppgåva. Eit anna alternativ er at det blir innleigd eit firma til dette. Dette kan gi verdfull informasjon om evt. svikt i systemet, kor systemet fungerer, evt. kor små justeringar skal gjerast.

Hausten 1994 kjem NORSAS, saman med SFT og SI (Statens Informasjonstjenester) med ein informasjonskampanje om spesialavfall. Gruppa meiner at dette bør utnyttast til nok ein oppfølgingskampanje.

Oppfølging bør og gå føre seg lokalt i kommunane, der kanskje dei ansvarlege for Skvett'n i kommunen bør lage informasjon til messer, gå ut til pressa med ulike mellomrom, delta aktivt i motiveringsarbeidet ut i kommunane osv.

Det vil bli halde eit møte i midten/siste halvdel av januar 1995 før avtalene med innsamlarane skal reforhandlast. Andre punkt som kan takast opp der er vidare informasjon ut til publikum og oppfølging av betjening på bensinstasjonar og butikkar der spesialavfallsmottaka er plasserte. Styringsgruppa kan fortsette som ei gruppe for diskusjon av avfallsspørsmål om dei ønskjer, ikkje nødvendigvis i regi av Fylkesmannen.

6. Konklusjon

Innføring av Skvett'n i Møre og Romsdal har vore ein prosess, som har gitt positive resultat, der samarbeidet innan og mellom områda har auka i løpet av prosessen.

Inndeling av fylket i områder med ein områdekoordinator kvar har vore positivt.

Områdekoordinatorane har vore opptatt av avfall generelt og kan vere initiativtakarar til å opprette eit forum også for andre avfallsspørsmål, som kildesortering og gjenvinning.

Vi har utnytta stordriftsfordelane og rabattane i ei felles innføring og løysing.

Lokal og regional fridom har vore eit stikkord under heile prosessen. Dette har ført til at alle kommunane ville delta og kunne delta utfra sine føresetnader, i innføring av Skvett'n i fylket. Vi har likevel fått ei felles ramme rundt innsamlinga i Møre og Romsdal, noko som vi ser på som særskilt viktig og positivt.

No står det att å sjå om vi har nådd ut til publikum med bodskapet, og om dei vil kvittere ved å levere frå seg sitt spesialavfall. Oppfølging må skje uansett. Kommunane må bygge inn informasjon om Skvett'n i sitt generelle arbeid med kildesortering og gjenvinning.

7. Litteraturliste

Prosjektrapport: Innføring av Skvett'n i Møre og Romsdal, Tilråding frå ei prosjektgruppe oppnemnt av fylkesmannen 26.01.1993. Dato: 03.06.1993

Prosjektrapport: Dette er "Nord-Trøndelagsmodellen", Skvett'n, 1990.

Forskrift om spesialavfall, vedtatt av Miljøverndepartementet 24. mai 1994

St.prp. nr. 1 (1992-93), for budsjetterminen 1993; Miljøverndepartementet

Vedlegg 1



FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

Miljøvernavdelinga

Fylkeshuset, 6400 Molde Telefon: 71 25 80 00 Telefax: 71 25 85 10

NORSAS
Postboks 39
0216 Oslo

Dykkar/Dereas ref.:

Vår ref.:
93/07376/433.62

Dato:
29.11.93

STATSBUDSJETTET 1993 KAP. 1441 POST 61 SØKNAD OM STATSTILSKOTT TIL INNFØRING AV SKVETT'N I MØRE OG ROMSDAL

Vi viser til Dykkar brev av 02.03.1993 til fylkesmennene, til rapport om innføringa av Skvett'n i Møre og Romsdal, samt samtalar med I.Tandberg i NORSAS og B. Endre i SFT.

Samtlege av dei aktuelle kommunene/renovasjonsselskapene har søkt Fylkesmannen og fått løyve til etablering av dei einskilde aktuelle spesialavfallsmottaka (containermottak). Dei har oppretta driftsavtale med mottakspllassane (f.eks. bensinstasjonar).

Frå resultatet av behandlinga i kommunane/renovasjonsselskapene er det meldt inn til Fylkesmannen behov for investering i containerar, verneutstyr m.v., kurs for personell og i tillegg felles tiltak som informasjon m.v. slik det er oppsummert i vedlegg 1 og 2.

Totalt innvesteringsbehov blir etter dette kr. 4.295.871, fordelt med kr. 2.598.333 på containerar og verneutstyr, kr. 1.507.114 på felles materiell og ymse tiltak, samt kr. 190.425 til kursutgifter for personell.

Møre og Romsdal er eit fylke med spredt befolkning bl.a. med mange fjordarmer og øyer. På grunn av dårlig kommunikasjon, vil behovet for fleire containerar vere tilstades, slik at ordninga for innsamling av spesialavfall når ut i grisgrendte strok. Dei fleste har såleis satsa på fleire små containerar, spredt i distriktet framfor færre store plassert sentralt. Målsetninga til denne ordningen er å gi god tilgjenge for flest mulig. Fylkesmannen er samd i denne vurderinga.

Etter samtale med NORSAS har vi kome til at for alle containermottaka (f.eks. bensinstasjonar) vil eit 1. dagars kurs vere dekkjande, medan maksimum to frå kvar kommune/renovasjonsselskap bør ha eit 2. dagars kurs. Total kurspakke vil då utgjere kr. 190.425. Fylkesmannen går inn for denne modellen, då kommunane heldt seg innafor ei ramme på tre kurs for kvar (kr. 239.400), dette inkluderer dei som har kurs frå før (kr. 50.400).

Vi oppmøder om at ein ser på fylket under eitt når tilskota vert vurdert. Antall containerar vil variere frå kommune til kommune etter antall innbyggjarar og busetnadsmønster. Dette jamnar seg ut for fylket sett under eitt, samt at informasjonsutgiftene gir stordriftsfordelar. At den enkelte kommune vil ha ein godt utbygd ordning bør verdsettast.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkesmannen søker med dette på vegne av dei deltagande kommunene og renovasjonsselskapa i Møre og Romsdal om statstilskott på til saman kr. 2.927.389 til innføring av Skvett'n i samsvar med det som er nemnt ovanfor.

Vi håper på snarleg behandling då ordninga skal settast igang frå 1.1.94.

Med helsing

Per Fredrik Brun (e.f.)
fylkesmiljøvernsjef

Kolbjørn Megård

Kopi m/vedlegg:

Kommunane og dei interkommunale renovasjonsselskapa i Møre og Romsdal
Vestnes Renovasjon A/S
SFT

6 vedlegg

Saksbehandlar: Prosjektleiar Lisbeth Aune

Vedleggsliste:

1. Søknad om tilskott i Møre og Romsdal
2. Total utgiftsoversikt for Møre og Romsdal
3. Oversikt over fellesutgifter
4. Verneutstyr
5. Tingvoll kommune, grunnarbeid og overbygg
6. Spesifisert utgiftsoversikt for kvar kommune

ETABLERING AV MOTTAKSANLEGG FOR SPESIALAVFALL
SØKNAD OM TILSKOTT I MØRE OG ROMSDAL

Containerar

43 á 12.000 (2,1 m ³)	=	516.000
11 á 14.920 (3 m ³)	=	164.120
47 á 17.920 (4,5 m ³)	=	842.240
17 á 24.695 (8 m ³)	=	419.815
2 á 31.850 (12 m ³)	=	63.700
5 á 38.556 (8 m ³)	=	192.780
4 á 11.000	=	44.000
1 á 45.000	=	45.000
130	eksl. MVA	=2.287.655

Verneutstyr containerar

(43+11+47+4)= 105+1	106 á 1150,-	= 121.900
<u>(17+ 2+ 5+1)= 25</u>	<u>25 á 2000,-</u>	<u>= 50.000</u>
	eksl. MVA	= 171.900

Oversikt over søknadsgrunnlag:

Containerar,	=2.287.655
Frakt, containerar	= 46.778
Skilt til containerar, Kristiansund	= 4.000
Planering av område	= 92.000
ADR-sertifikat, SSR	= 4.240
Verneutstyr (vedlegg 4)	= 171.900
Plastposar	= 19.994
Utlev. av esker (vedlegg 3)	= 500.000
<u>Informasjon (vedlegg 3)</u>	<u>= 978.880</u>
SUM, eksl. MVA	=4.105.447
Søknad om 2/3	=2.736.964

Kurs:

2 dagars kurs 28 á 2.100,-	= 58.800
<u>1 dagars kurs á 135 á 975,-</u>	<u>=131.625</u>
SUM Kurs, søknad om	=190.425

Søknad om tilsammen **=2.736.964 + 190.425 = 2.927.389**

Oversikt over fellesutgifter

Informasjon:

- 8 siders tabloid avis med alt stoff, bilder og trykking. Opplag 100.000, ein til kvar husstand. Det skal vere 6 variantar av sistesida og opplaget skal fordelast med nynorsk og bokmåltekt.
Kr. 151.810
- 500 plakatar med miljøreglane. Opplaget fordelast på nynorsk og bokmål utgåve.
Kr. 14.500
- 200 info-permar om kampanjen, ein til kvar kommune og ein til kvart containermottak. Opplaget fordelast på nynorsk og bokmål utgåve.
Kr. 24.000
- 10.000 klistermerker (Tenk miljø - bruk Skvett'n).
Kr. 21.000
- 119 skolepakker fra NORSAS. Ein til kvar ungdomsskole og ein til kvar kommune á 150,-.
Kr. 17.850
- Annonsering budsjetert med kr.
Kr. 100.000

Informasjonspakka totalt kr. **Kr. 329.160**

Spesialavfallsesker:

130.000 esker á kr. 4.94 + klisjeskift (Ålesund) kr. 7.500 **Kr. 649.720**
(30.000 esker fordelast på kommunane som lager)

SUM Informasjon **Kr. 978.880**

Utlevering av esker: 100.000 husstandar á kr 5,0 **Kr. 500.000**

VERNEUTSTYR:**Verneutstyr små containere
(2,1 m³, 3,0 m³, 4,5 m³):**

	Pris:
Vernebriller	45,-
Olje og syrebestandige hansker	31,5
Olje og syrebestandig forkle	102,-
Brannslukningsapparat 6kg ABE	480,-
Førstehjelps kuffert	393,5
<u>Øyespyleflaske 0,75 l</u>	<u>99,-</u>
SUM	1150,-

**Verneutstyr store containere
(8 m³, 12 m³):**

	Pris:
Vernebriller	45,-
Olje og syrebestandige hansker	31,5
Olje og syrebestandig forkle	102,-
Brannslukningsapparat 12 kg ABE	950,-
Førstehjelps kuffert	393,5
<u>Øyespyleflaske 0,75 l</u>	<u>99,-</u>
Vernehjelm	67,-
<u>Olje og syrebestandige støvler</u>	<u>312,-</u>
SUM	2000,-

Vedlegg 2



FYLKESMANNEN
MØRE OG ROMSDAL

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

3.1.94

Miljøvernavdelingen

A 60000 21233 A

Fylkeshuset

93/07376 dok 10

6400 Molde

L-k. 433.62 | Etat av ab. M-aod/LAU

**Statens
forurensningstilsyn**

Postadresse: Pb. 8100 Dep, 0032 Oslo

Kontoradresse: Strømsveien 96

Telefon: 22 57 34 00 Telefax: 22 67 67 06

Deres ref..

Vår ref. (Bes oppgitt ved svar)

Dato

28 DES. 1993

93/1401-~~4~~ BE

624.81/1

STATSBUDSJETTET 1993- KAP 1441 POST 61

**TILSAGN OM TILSKUDD TIL ETABLERING AV KOMMUNAL
MOTTAKS- OG INNSAMLINGSORDNING FOR SPESIALAVFALL I
MØRE OG ROMSDAL**

Statens forurensningstilsyn (SFT) gir fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelingen tilskagn om tilskudd over statsbudsjettet kap. 1441 post 61 for 1993 på kr. 2.731.400 til etablering av kommunal mottaks- og innsamlingsordning for spesialavfall for alle kommunene i Møre og Romsdal fylke. Belastningsfullmakt følger vedlagt. Det tas forbehold om at fylkesmannen sørger for nødvendig kontroll med at midlene nyttes etter forutsetningene.

Vi viser til søknad fra Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelingen av 29.11.93 hvor det søkes om tilskudd på kr. 2.927.389 til etablering av mottaksordning for spesialavfall for alle kommunene i Møre og Romsdal. Kr. 2.927.389 utgjør 2/3 av investeringer til hver kommune og hele kursavgiften for inntil 14 personer pr. kommune for deltagelse i kurs som NORSAS vil arrangere vedrørende drift av mottaksordningen. Mottaksordningen vil omfatte både miljøstasjoner plassert ute på ulike steder i kommunen og utlevering av miljøesker til husholdningene. Fylkesmannen har beregnet tilskuddet ut fra 27 kommuner, 1 renovasjonsselskap og 2 renholdsverk i fylket.

Statens forurensningstilsyn (SFT) har i 1993 fått overført midler fra Miljøverndepartementet (MD) på kap. 1441 post 61 i 1993. Midlene skal nyttes til å sikre videreføring av arbeidet med å bygge ut mottaks- og innsamlingsordninger for spesialavfall fra husholdninger og andre lokale kilder med små mengder i alle landets kommuner.

Det gis maksimalt 2/3 tilskudd av investeringen som også kan omfatte godkjente oppstartskostnader. Dessuten gis tilskudd til nødvendig kurs avholdt av NORSAS.

Hovedmålsetningen for arbeidet med spesialavfall i Norge er formulert slik: *Fram mot år 2000 må forurensningsproblemene knyttet til spesialavfall reduseres til et nivå som ikke skader helse og miljø.*

Mottaks- og innsamlingssystemet for spesialavfall er under oppbygging og målsetningen er at det i løpet av 1993 skal være etablert et tilbud om innsamling/ mottak av spesialavfall for husholdninger og for andre med mindre mengder spesialavfall i alle landets kommuner.

Mange kommuner /interkommunale selskaper har allerede på frivillig basis etablert lokale mottaks- og innsamlingsordninger for spesialavfall. Det er i stor grad mindre kommuner som fortsatt ikke har et tilbud eller har et dårlig utbygget tilbud til de små avfallsbesitterne. I forslag til ny spesialavfallsforskrift foreslås innføring av formelt kommunalt ansvar for spesialavfall. Det innebærer at kommunene får en plikt til å etablere et tilstrekkelig tilbud for mottak/ innsamling av spesialavfall fra husholdninger samt fra virksomheter med begrenset mengde spesialavfall. Dette vil bidra til at det etableres effektive ordninger som gjør det mulig for svært mange avfallsbesittere (med begrensede mengder) å levere sitt spesialavfall til en kommunal ordning. Kommunene vil også være i stand til å drive en effektiv informasjon overfor husstander og mindre virksomheter. Det vil totalt sett kunne resultere i at innsamlingsgraden for spesialavfall vil øke betydelig.

Tilskudsordningen i 1993 til etablering av kommunale mottaks- og innsamlingsordninger tar sikte på å motivere kommunene for å sette i gang arbeidet med innsamling og mottak av spesialavfall, samt å utvide eksisterende kommunale spesialavfallsordninger slik at de blir mer effektive.

Kommunene i Møre og Romsdal har i liten grad benyttet seg av tilskudsordningen. Bare 6 av kommunene i fylket har søkt og fått tilskudd tidligere.

Søknaden fra fylkesmannen om tilskudd er sendt via NORSAS. NORSAS har anbefalt at det gis tilskudd til fylkesmannen på kr. 2.731.400 til etablering av miljøstasjoner, esker, informasjon, verneutstyr samt kurs. Tilskuddet utgjør 2/3 av det beregnede investeringsbeløpet på kr 4.105.447 i tillegg til og hele kursavgiften for inntil 14 personer pr. kommune for deltagelse i NORSAS-kurs.

Vi viser til NORSAS' vurdering på de enkelte kommunene.

SFT gir fylkesmannen Møre og Romsdal, miljøvernavdelingen tilslagn om tilskudd over statsbudsjettet kap. 1441 post 61 i 1993 med inntil kr. 2.731.400 slik NORSAS har anbefalt. Vedlagt følger belastningsfullmakt på kr. 2.731.400. Bruk av midlene skal rapporteres på eget skjema som ligger vedlagt.

Vedlegg 3

Prosjektleder Lisbet Aune

Dykkar ref.-

Vår ref.-

Dato: 25.03.94

— STATUSRAPPORT FOR INNFØRING AV SKVETT'N I NORDMØRSKOMMUNANE.

Kommunane: Aure, Tustna, Smøla, Kristiansund, Frei, Tingvoll, Sunndal, Rindal, Halsa og Surnadal.

Generelt har innføringa av Skvett'n-ordninga for Nordmørskommunane gått greitt. På grunn av at regionen består av såvidt mange kommunar har det til tider vore vanskeleg å nå ut til kommunane med nok informasjon.

Vil her kort kommentere dei enkelte fasene:

Driftsavtalar og løyve:

Her var enkelte av kommunane seine med å skaffe avtalar med firma som kunne stå for drifta av mottaksstasjonane og derved få det formelle løyve til drifta. Alle kommunar har no ordna dette.

Utplassering av containerar:

Etter noko forsinkingar er no containerane levert til alle kommunane i samsvar med bestillingane.

Mi erfaring frå eigen kommune er at dei som er driftsansvarleg for stasjonane må følgast opp med informasjonar, rettleiing og hjelp til å rettleia publikum.

Verneutstyr manglar foreløpig i mange stasjonar.

Utlevering av info-materiell og pappesker.

Her var det ein god del rot i samband med leveringa, blant anna feilsendingar og feil i avisene. Vi ventar fortsatt på ei brosjyre som er utlova frå Trio Media. Utdeling til husstandane ved bruk av idrettslag har gått greitt.

Organisering av innsamling.

Med bakgrunn i ein enkel tilbodsførespurnad vart det innhenta pris på innhenting av avfall frå containerane. Fem firma ga pris på arbeidet og det er no inngått avtale med firma Veglo Miljøservice A/S i Stjørdal ut ifrå at dette firma hadde den lågaste prisen. Første tømmerunde vil skje i april og det er lagt opp til månadleg tømming.

Vidare oppfølging.

Det gjenstår ein del arbeid med økonomiske avklaringar, fakturering og tilskottsfordeling.

Den viktigaste delen er fortsatt informasjon til publikum. For å få ordninga effektiv trengst fortsatt fleire rundar med informasjon.


Inge Skogheim
områdekoordinator Nordmøre



A 00000 25.05.94

RÅDHUSET 6400 MOLDE
TLF.: (072) 19 200
BANKGIRO: 9650.09.60253

Fylkesmannens miljøvernnavdeling v/Lisbeth Aune
Fylkeshusa ARK Saksbehandl. LAU

6400 MOLDE

Reg.nr/j.nr.:
93.009345,03016

Arkiv:
M56.M61.&13

Saksbehandler:
Berit Øren Holo

Molde:
24.05.94

**INNFØRING AV "SKVETT'N" I MØRE OG ROMSDAL
SYNPUNKT FRA ROMSDALSREGIONEN.**

For å lykkes med et samarbeide i hele fylket, var det viktig at Fylkesmannens Miljøvernnavdeling tok initiativet og trakk prosjektet i gang. De koordinerte skrivingen av prosjektrapporten, og holdt hele tiden alle kommunene i fylket orientert.

Felles innkjøp av containere, esker og informasjonspakke gav en økonomisk gevinst for de enkelte kommunene. Ved å velge like containere med felles skilting kan forbrukerne letttere kjenne dem igjen. I Romsdalsregionen valgte alle kommunene lik containertype.

Samarbeidet med NORSAS føltes litt problematisk i forhold til søknaden om støtte til containere. Problemet oppsto når vi bestilte utstyr uten at søknadene på støttemidler var ferdig behandlet. Vi følte at NORSAS hadde gitt klare signaler om at støtte ville bli gitt til ønsket antall containere. Heldigvis for Romsdalsregionen var leverandøren villig til å kansellere bestillingen på de containerne vi ikke fikk støtte til.

Det ble umiddelbart sendt ny søknad fra to av kommunene i regionen på et justert antall nye containere. Søknaden ble sendt i desember 1993. I april 1994 har vi ennå ikke fått svar på om søknaden er mottatt.

Kursene som NORSAS har holdt for de som skal betjene spesial-avfallsmottakene ble greit arrangert. Tilbakemeldingene fra deltagerne har vært positive.

Den felles informasjonen som skulle ut til husstandene var en viktig del av det felles arbeidet. Gruppa burde kanskje startet arbeidet med informasjonspakken på et tidligere tidspunkt. Jeg følte det ble litt tidsnød på denne "biten", men produktet ble akseptabelt til slutt.

Når det gjelder innsamlingen arbeidet kommunene i Romsdalsregionen felles om en løsning. Resultatet ble at RIR sine 7

Kontoradresse: Rådhuset 6400 MOLDE	Postadresse: Postboks 53 6400 MOLDE	Telefon: 71 21 92 00	Telefax: Rådhuset 71 25 78 89	Bank: Bankgiro: 9650.0584367
AVERØY	EIDE	FRÆNA	GJEMNES	MIDSUND MOLDE NESSET

kommuner samt Rauma endte opp med et felles opplegg. Sandøy kommune er også med, men p.g.a. beliggenheten har den en egen ordning, men med samme innsamler. Aukra kommune ville ha en annen hentefrekvens, og har derfor trukket seg fra samarbeidet om innsamlingen. Vestnes har hele tiden hatt sitt eget opplegg, og har bare samarbeidet om den felles informasjonspakken.

Fylket ble delt inn i 6 områder. Innen Romsdalsregionen har samarbeidet med SKVETT'N gjort det lettere også å samarbeide på andre områder innen avfallsbehandling.

P.g.a. samarbeidet i regionen ser vi også en mulighet til å utvikle systemet på sikt. Vi ønsker blant annet å arbeide fram et tilbud til tannlegekontor, leger og veterinærer. Her er det i tillegg til spesialavfall også snakk om risikoavfall og medisinrester.

Berit Øren Holo
områdekoordinator Romsdalsregionen



ÅLESUNDREGIONENS UTVIKLINGSKONTOR

GISKE - HARAM - SKODJE - SULA - ØRSKOG - ÅLESUND

Prosjektleder Lisbeth Aune

Ålesund 24.3.1994

INNFØRING AV SKVETT'N I MØRE OG ROMSDAL SYNPUNKT OG ERFARINGER FRA ÅLESUNDREGIONENS UTVIKLINGSKONTOR

Forholdet mellom Utviklingskontoret og kommunene

Ålesundregionens Utviklingskontor har representert kommunene Giske, Haram, Skodje, Sula, Ørskog og Ålesund i arbeidet med innføring av Skvett'n i Møre og Romsdal.

I det innledende prosjektaarbeidet var regionen representert både ved undertegnede og avd.ing Steinung Valderhaug fra Giske kommune, der det alt var arbeidet en tid med et innsamlingssystem.

I gjennomføringsdelen har Utviklingskontoret hatt en områdekoordinatorfunksjon for kommunene i Ålesundregionen. Rollefordelingen har vært slik at kommunene hver for seg tok seg av alt det praktiske innenfor sin kommune, mens Utviklingskontoret hadde et ansvar for kontakten mot prosjektgruppen og en samordningsfunksjon for felles tiltak innen regionen. Alle hovedtrekk har dette fungert godt, rent bortsett fra at det i et slikt opplegg lett må gås flere runder mellom partene før enighet om tiltakene oppnås. Slik ville større myndighet tillagt områdekoordinatoren både for innføringen og den senere driften av systemet gjort arbeidet mer effektivt. På den annen side ville da områdekoordinatoren måtte vært en annen enn undertegnede, fortrinnsvis en fra en av kommunene som daglig hadde et arbeide innenfor avfallssektoren. Alt i alt er hovedinntrykket at innføringen har gått greit når en bare har tatt den tid som har vært nødvendig til å drøfte de enkelttsakene som det fra tid til annen kan ha vært ulike synspunkt om.

Prosessene innen Ålesundregionen

De største slagene om innføringen av Skvett'n i Ålesundregionen sto på det tidspunktet kommunene skulle ta stilling til prosjektgruppens / Fylkesmannens tilbud om deltagelse. Det var da mange synspunkt representert som avvek fra det opplegget som ble presentert, bl.a. også på systemet som sådant. Mange mente (og mener fortsatt) at systemet var for omfattende. Det meste av avfallet som kom inn ville pr. definisjon ikke være spesialavfall, og kunne derfor fortsatt gå i husholdningsavfallet til forbrenning på Grautneset. Etter noe drøfting fant en likevel til slutt fram til en løsning som alle kunne samle seg om. Hovedpoenget her var at Utviklingskontoret gikk inn som områdekoordinator uten den myndighet og det driftsansvaret som i utgangspunktet var tenkt lagt til denne funksjonen. Kommunene ville gå sammen om innkjøp av containere og informasjon samt inngå fellesavtale om innsamlingsdelen, men ellers stå for arbeidet med innføring av ordningen i egen kommune. Et vesentlig poeng var at det innen regionen ikke skulle være noe sentralt mottakssted drevet av kommunene / områdekoordinatoren for sortering og deklarering av innsamlet avfall. Kommunene ønsket at dette helt ut ble en oppgave for innsamleren.

Fra det tidspunkt at opplegget innen regionen var avklart, har arbeidet ellers gått greit. Unntaket har vært den uheldige omstendigheten at undertegnede fikk endel sykdomsfarvær i perioden. Dette

førte til at prosjektlederen nok fikk en del flere oppgaver og forespørsler som ellers burde vært ordnet regionalt.

De enkelte elementer i opplegget / gjennomføringen

Om de enkelte elementer i systemet kan en gi følgende oppsummering:

- **Mottakscontainerne:**

Kommunene har valgt ulike typer. Faktisk er alle valgbare hovedtyper representert i regionen. Årsakene er geografien som dels tilsier mange utplasseringssteder med lite omland, dels at enkelte kommuner er små og geografisk homogene og derved kan klare seg med ett eller få mottak. Vi kan ikke se at dette har noen negativ betydning. Utpllasseringen har ellers gått greit og i.h.t. avtale.

- **Innsamlingseskene:**

Kommunene fikk eskene som forutsatt transportert til sine lokale lager. Utdelingen er gjennomført i alle kommunene, dels ved hjelp av renovatørene i kommunen, men hovedsakelig ellers av idrettslag, musikkorps o.l. Vi har ikke tilbakemeldinger om at dette ikke har fungert som forutsatt. Den eneste innvendingen en kan ha til selve utdelingen, kan være at det ble mest en "utdeling" og i liten grad en samtidig informasjon om hvorfor esken ble utdelt og hvordan den var tenkt brukt.

- **Informasjonsdelen:**

Informasjonsavisene og øvrig informasjonsmateriell ble mottatt etter forutsetningen. Avisene ble delt ut sammen med eskene. Inntrykket er at avisene er godt mottatt og gir en god informasjon omkring temaet spesialavfall og om innsamlingssystemet. Farene er at de forsvinner i en eller annen papirinnsamling, og ikke blir tatt vare på. Slik sett blir det derfor viktig å fortsette informasjonsarbeidet, og særlig som en påminnelse noe tid etter at den første bølgen har lagt seg.

Utviklingskontoret mottok også pressemelding som Trio Media utarbeidet, og sendte denne sammen med informasjonsavisen til alle aviser innen regionen samt NRK og Radio 1 (Ålesund). Det er ikke registrert noen særlig bruk av dette materialet. Det er heller ikke mottatt noen forespørsler fra noen av de som fikk materialet tilsendt. Det har imidlertid vært en viss omtale av systemet som sådann både i Sunnmørsposten og ifølge tilbakemeldinger, også i enkelte lokalaviser. Dette skapte først og fremst oppmerksomhet omkring selve utdelingen av esker etterhvert som dette fant sted rundt om i kommunene. Det er noe mer uklart hvilken informasjonen om systemet som sådann (hvorfor og hvordan) som kom ut i media. Bortsett fra selve informasjonsmaterialet som har vært godt, synes det derfor klart at selve informasjonsarbeidet samlet sett kunne vært utført bedre og mer aktivt i vår region.

- **Avtale om felles innsamling:**


Kommunene har sendt ut samlet tilbudsforespørsel til de tre innsamlerne i vårt nærområde. Tilbudene var ønsket i to alternativ, ett som fast pris på alt arbeide med innsamling, sortering, deklarering og videre transport til deponi, destruksjon m.v., og ett som satte en fast pris på innsamlingsdelen og en mengdebasert pris for behandlingsdelen. Det kom inn fullstendige tilbud bare på fastprisalternativet. Etterhvert ble det hentet inn også kostnadstall som gjorde det mulig å vurdere det andre alternativet, men usikkerhet om mengder m.v. både hos innsamlere og kommuner førte til valg av laveste tilbyder (Miljørens A/S) etter fastprisalternativet for et prøveår. Dette året er ment nyttet til å samle erfaringer. Avtalen omfatter imidlertid bare Haram, Sula, Ørskog og Ålesund. Skodje var bundet gjennom inngått avtale ut 1994 og Giske ville forlenge sin avtale til å gjelde også dette prøveåret. Begge disse kommunene har avtaler med Brødr. Haugen.

Oppsummering

Som redegjort for har det vært tema som underveis i gjennomføringen har vært gjenstand for et visst arbeide, men i all hovedsak føler vi at vi er kommet godt gjennom oppgaven. Det har særlig vært nødvendig med tilpasninger i organiseringen innen vår region, men dette vil ikke gå ut over systemet som sådann. Fra flere av kommunene er det sågar gitt uttrykk for at opplegget har vært godt organisert og at dette har vært en god hjelp for kommunene når de likevel måtte innføre et opplegg for innamling av spesialavfall.

I fortsettelsen vil det bli nødvendig med oppfølging. Prosjektgruppen bør derfor bestå både for å sikre Skvett'n som innsamlingsordning, men også for å ivareta det nettverket som er skapt og det samarbeidet som er etablert både med sikte på en oppdatering av kunnskap og som et forum til å drøfte også andre oppgaver innenfor avfallsproblematikken i fylket.

Med hilsen
Ålesundregionens Utviklingskontor


Anders Assev

Stranda Kommune,
Teknisk Etat,
6200 Stranda.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal,
Miljøavdelinga v/ Lisbet Aune
Fylkeshuset,
6400 Molde.

EVALUERING AV " SKVETTEN ".

Hausten 1993 tok Fylkesmannen i Møre og Romsdal initiativ til å få igang innsamling av spesialavfall i Møre og Romsdal.

I brev av 05.10.93 er det utpeika regionar og områdekoordinatorar for heile fylket. Områdekoordinatorane skulle forta den vidare informasjon/bestilling/kontroll/igangsetting av dei kommunane som er i området.

Fylkesmannen i M. og R. ansatte prosjektkoordinator for prosjektet omlag samstundes. Denne skulle koordinere heile prosjektet, og styre heile prosessen.

I utgangspunktet synes ein at det er posetiv at fylkesmannen tok initiativ til dette tiltaket. Ein synes og at opplegget for gjennomføring har fungert tilfredsstillende. Det med områdekoordinatorar har og fungert bra. Der er nok litt forskjell på dei område som har interkommunale renovasjonsselskap og på dei område der koordinatorane skal samordne fleire kommunar. Det vil i dei sistnevnte områda vere ein del arbeid belagt med dette arbeidet.

Samarbeidet med prosjektkoordinatorane på fylket har gått svært greit. Det har vore vist stor interesse for arbeidet, og nedlagt mykje arbeid i prosjektet. Det har og vore innhenta dei opplysningars som det har blitt spurt om, enten lokalt eller frå andre hald og dette har blitt meddelt dei andre i gruppa.

Det har ikkje alltid vore like lett å samle ei slik gruppe, men avstandar og andre gjeremål er ikkje lett å tilpassa.

Totalt sett må ein seie seg nøgd med gjennomføringa.
Ein synes at oppleggat frå fylket med prosjektkoordinator har
fungeret godt, og kan anbefale denne løysing dersom liknande
prosjekt skal gjennomførast seinare.

6200 Stranda, den 08.06.94

Steinar Balsby

Steinar Balsby

Områdekoordinator
Indre Storfjord.

Innføring av "Skvett'n" i Møre og Romsdal.

**Av Peder Arne Almedal,
områdekoordinator SSR-området**

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk hadde vedteke å setje i gong innsamling av spesialavfall frå hushaldningane i februar 1992. Det var arbeidd ordningar også tidlegare, mellom anna med gjennomføring av "aksjon Miljøbil" i 1991.

Vi var komne så langt at ordninga var vedteke, tilskotstilsagn og samarbeidsavtalar forelåg, og containerar var bestillt. Det oppsto imidlertid ugreie mellom containerleverandøren og oss som gjorde at bestillinga var kansellert. Dette skjedde samstundes som fylkesmannen to initiativ til eit samarbeid om innføring av "Skvett'n" i heile fylket. Styret valde å vere med fordi vi såg at det kunne ligge økonomiske fordelar i så store innkjøp.

Dette førte til at igongsetjing av spesialavfallsinnsamling i vårt område vart utsett i eitt år.

Arbeidet i gruppa har foregått i ca 10 møter på Molde der det har gått med ein arbeidsdag for kvart møte. Samarbeidet i gruppa har vore godt. Ein må spørje seg om tids- og pengeforsbruket ville vore mindre om vi hadde halde fram der vi var ved igongsetjing av fellesarbeidet.

Vi skal ikkje sjå bort frå at det samarbeidsforum som vart etablert i styringsgruppa vil vere fruktbart også på litt sikt og for renovasjonen i fylket generelt.

I dag er det etablert ei ordning som i store trekk samsvarar med dei vedtak som SSR styret gjorde i februar 1992. Eg understrekar at informasjonsarbeidet nok vart mykje betre og mykje dyrare enn kva SSR først hadde lagt opp til.

Det er plassert ut 5 containerar på 12 kbm som er produsert av Hareid Skipsservice på Hareid. Containerane har bra standard, og vi er godt fornøgde med leveransen. I Sande har ein valt 3 mindre containerar frå Re-Sort A/S. Alle containerane er godt egna til formålet.

SSR er blitt tillagt eit koordinatoransvar også for Sande og Vanylven. Systemet i desse kommunane er utbygt i samsvar med signal frå dei tekniske sjefane.

Reinhaldsverket har skrivne avtalar med 8 bensinutsal om mottak av spesialavfall. Deira arbeid er stort sett avgrensa til utdeling av nøklar. Elles er det sjølvbetjente stasjonar.

Frå stasjonane hentar SSR sine faste tilsette det minst kompliserte avfallet, slik som måling, spillolje og bilbatteri. Andre kategoriar har det ikkje vorte levert noko særleg av, men opplegget er at viss vi får inn andre typar vert Vest Miljø engasjert til transport. Alt avfallet vert deklarert og eventuelt omemballert av Vest Miljø. Reinhaldsverket satsar på å transportere innanfor ADR-reglane. Vi har tilsette med ADR-sertifikat.

Det er henta ut avfall frå fulle containerar fleire gonger allereie, og det tykkjest klart at mengdene med innsamla spesialavfall er auka mykje. Ved gjennomgong av avfallet, kan det sjå ut som at ein god del stammar frå bedrifter. Her har vi eit informasjonsproblem som må følgjast opp.

Den utdelte informasjonen består som elles i fylket av

informasjonsavis og "skvett'n-eske". Til utdelinga vart lokale idrettslag engasjerte, og arbeidet er utført over heile området. Døf vart avtalt ein flat pris på kr 3,50 pr abonnent. Det er ikkje kome særlege tilbakemeldingar på arbeidet, men det er observert ein del esker i returpapirsystemet.

Grunna andre gjeremål som hastar meir, står det att ein del arbeid før ordninga er komplett. Nå i første omgang har det vore satsa sterkt på å få ordninga operativ. Så lyt alle detaljane kome etter kvart.

Det har vore hevdat frå underteikna at gruppa som har vore i arbeid bør halde fram som eit forum for avfallshandtering i Møre og Romsdal. Ein tenkjer seg at forumet kan utveksle idear, og eventuelt vere pådrivarar for å finne løysingar innanfor kjeldesortering av ulike avfallsfraksjonar. Eit slikt forum ville kunne formidle erfaringar frå prøveprosjekt og på anna måte medvirke til ei betre og meir kostnadseffektiv avfallshandtering i heile fylket.

Miljøvernavdelinga i M&R
v/ Lisbeth Aune

fax: 71 25 85 10

Hovdebygda 300594

INNFØRINGA AV SKVETT`n I VOLDA OG ØRSTA

Driftsleiar i Volda Ørsta Reinhaldsverk har teke del i arbeidsgruppa som fylkesmannen oppnemnde for å vurdere innsamlingsmetode for miljøfarleg avfall i vårt fylke.

Arbeidet i gruppa har vart omlag i eitt år, og møta vart halde på Molde. Dette har medført svært mykje reisetid fram og attende, og ein spør seg i ettertid om denne tida kunne nyttast betre.

Når det er nemnt så er det positivt å kunne arbeide i gruppe, og få nytte seg av erfaringar andre kommunar har gjordt. Ein ser og at felles innkjøp har ført til gunstige prisar på konteinrarar o.l.

Sjølv ordninga med Skvett`n tok til å fungere i mars månad i Volda og Ørsta. Det er for tidleg å kome med tilbakemelding om korleis ordninga fungerer, men alle abonnentane våre har no eit tilbod til å levere denne type avfall i sitt nærmiljø. VØR har plasert ut 15 konteinrarar i hovudsak knytt til bensinutsalga i kommunene.

Vi vonar at tiltaka skal vere med å halde kommunene våre fri for unødig ureining, og eg vil nytte høve til å takke dei andre deltakarane i gruppa for godt og trivleg samarbeid.

For Volda Ørsta Reinhaldsverk

Kjetil Årøen
driftsleiar



**VOLDA ØRSTA
REINHALD**
Volda/Ørsta Reinhaldsverk

Vedlegg 4

TEMA:

*Innsamling av
spesialavfall*

miljøINFO

**Utgitt av kommunane i
Møre og Romsdal – Januar 1994**

Hei! Eg heiter Skvett'n. Merk deg namnet og figuren min med ein gang. I tida som kjem skal du og eg samarbeide.

Eg er interessert i at du skal kunne kvitte deg med miljøfarleg avfall, eller såkalla spesialavfall, på ein enkel og forsvarleg måte. I første omgang vil du få utelevert Skvett'n spesialavfelleske for mellombels lagring av spesialavfallet. Denne eska skal du så levere til mottaka for spesialavfall, som er plasserte om lag 120 stader i fylket vårt.

På siste side i denne avisa finn du ei oversikt over kva mottak som er plasserte i nærleiken av der du bur. Bak dette opplegget står alle kommunane i Møre og Romsdal i samarbeid med Fylkesmannens miljøvernavdeling.

Ime i avisas får du mellom anna vite meir om kva spesialavfall er, korleis du kan gå fram for å levere det frå deg, og at det ofte finst alternativer til produkt som inneholder spesialavfall.



Skvett'n
-for naturen si skuld

Kva er spesialavfall?

Det enkleste svaret på spørsmålet er at spesialavfall er avfall som ikke kan blandast sammen med vanleg forbruksavfall, fordi det er ekstra farlig, og kan føre til skade på natur, menneske og dyr. Populært kan vi og seie at spesialavfall er miljøfarleg avfall.

Ser vi vekk frå det bedriftene sjølv hand-samar, må vi i Noreg kvart år ta hand om vel

110.000 tonn spesialavfall. I 1992 var 85.000 tonn samla inn og handsame på ein forvarleg måte. Resten - det vil seie om lag 25.000 tonn - av dette avfallet "forsvinn". Mykje av det finn vi på kommunale fyllingar, i kloakken eller i naturen elles. Derved gir vi frå oss problemet til komande generasjoner. Målet må vere å levere tilbake den naturen vi har

lånt i god stand til etterkommarane våre. Det gjer vi mellom anna ved å ta vare på den ukjende avfalls mengda.

Statens forureiningstilsyn (SFT) har delt inn spesialavfallet i mange forskjellige grupper. Ikke alle gruppene er like interessante for oss vanlege forbrukarar. Vi skal sjå litt nærmere på dei vanlegaste typene spesialavfall.



All olje og oljeprodukt er ei av dei viktigaste gruppene spesialavfall. Det gjeld spillole, motorolje og andre typer olje-haldige stoff. Det er ikke berre den vesle skvetten som vert att på oljekamma du må hugse. Minst like viktig er den oljen du tappar av bilen eller andre motoriserte kjøretøy.



Løsemiddel, all maling, lakk, lim, bals, bunnstoff til båt og trykkfarge er andre viktige produkt som inneholder eller dannar spesialavfall. White-spirit, tynningsvæske og restar av maling samt lakkfjernarar hamnar lett i sepla eller utslagsvasken. Men dette skal handsamast som spesialavfall - med unntak av små mengder som har storkna/herda.



Batteri som kan ladast opp og batteri av knappcelletypen er merka med retursymbol (piller i trekant). Det betyr at dei skal samlast inn fordi dei inneholder kadmium og/eller kvikksølv over toleransegrensene. Bilbatteri inneholder bly og syreskvettar som ikke må komme på avvegar. Andre produkt med kvikksølv er termometer og lysstoffrør.



Plantevernmidde og middel nytta mot skadedyr skal handsamast som spesialavfall. Ofte kan det verte at restar av desse produkta. Gjer det til ein god regel at du held desse vekke frå det vanlege avfallet, og lever dei som spesialavfall.



Ei anna gruppe kan vi kalle rengjørings- og vedlikehaldsmidde. I denne gruppa finn du mellom anna flekkfjerner, toalettrens, pussemiddel, rustfjerner, motorrens, låsspray, billakk og soppmiddel. Dessutan alle typer løsemiddel som vert brukt til rengjering.



Under fellesnemnaren hobbykjemikalier finn vi mellom anna fotovæske, kontaktlin, korrekturlakk, neglekakk osb. Dette er og middel som inneholder miljøfarlege stoff, og som du difor må handsame som spesialavfall.

Uansett om det er små mengder, gjer dei skade i naturen.


SJÅ NØYE PÅ ETIKETTEN!

Emballasjen på dei stoffa du bruker, gir beskjed om faregraden. Star det "GIFTIG", "ETSENDE", "KAUSTISK", "FLYKTEIG", "BRANNFARLIG", "SELVANTENNENDE", "HEISSEFARE" eller

"ADVARSEL", er det store slansar for at det dreier seg om stoff som ikke hører spesialavfall. Sjå difor nøye på etiketten!

Når du handlar


Når du skal handle produkt som du veit eller har mistanke om er miljøfarlege, bør du vere merksam på fleire ting. Det viktigaste er å kjøpe miljøvenlege produkt. Desse er delvis merka med positiv miljømerking. Du kan og etterlyse miljøvenlege alternativ i butikken. Dersom du må kjøpe produkt som gir spesialavfall, hugs å ta vare på originalettskjen. Han gir informasjon om korleis stoffa skal handsamast vidare.



Når du handlar, er det viktig å sjå etter miljøvenlege produkter. Hugs å ta vare på originalettskjen.

Når du lagrar

Svaert ofte vil det verte att større eller mindre restar av maling, lakk, løsemiddel eller anna miljøfarleg avfali når du er ferdig med "jobben". Det er viktig at du då finn ein forsvarleg lagringsplass for restane. Hugs at dei ymse stoffa skal lagrast i tett emballasje som er merka med kva dei inneheld - og for all del - lagre avfallet ditt slik at barn ikkje har tilgang til stoffa.



Ei slik eske vil alle husstandar i Møre og Romsdal få. Her skal du lagre spesialavfallet til du leverer det på mottaket.

Når du leverer

Alle husstandar i Møre og Romsdal får utdekt si spesialavfalleske. Det er i denne "lokalstasjonen" du skal lagre spesialavfallet før du leverer det til mottaket. Anna spesialavfall enn du får plass til i eska, kan du verte kvitt ved å ta kontakt med ein av spesialavfalloperatørane som er omtalt nedst på side 6 i denne avisat. Teknisk etat eller reinhaldsverket i kommunen din kan og gi råd om korleis du skal gå fram dersom du er i tvil.

Eigne mottak for spesialavfall er utplasserte fleire stader i alle kommunar i Møre og Romsdal. På utsida av spesialavfelleska er det gitt opplysningar om kva du kan ha i henne.






Når du har fylt opp spesialavfelleska, er mottaket neste stopp.

Saman om eit betre miljø?

Denne har kvarer spesiellar tilført oss. Det er viktig at vi har saman om eit betre miljø.

Tilført oss har også store delar av spesiellar tilført oss. Det er viktig at vi har saman om eit betre miljø.

Tilført oss har også store delar av spesiellar tilført oss. Det er viktig at vi har saman om eit betre miljø.



Du kan ikkje lure naturen



Været er gittig til turen midt i vinter. Du kan ikke få det til å hende på omgang.

Kun produksjonen av spesiellat vil øke. Du kan ikke få det til å hende på omgang.

Det er viktig at vi har saman om eit betre miljø.

Kva krev set du til reinleiken i maten du et?

Tanker du på at det var lang tid å bryte ned stoff? Som lengstel spesiell vifall?

Godt oppleide til sortering er ei viktig bidrag til sunnare mat.

Avspesielle saker må ikke komme inn i spesielle saker. Det er viktig at vi har saman om eit betre miljø.

Mange av dem som ikke har fått tilført oss har ikke fått tilført oss.

Det er viktig at vi har saman om eit betre miljø.

Det er viktig at vi har saman om eit betre miljø.

Det er viktig at vi har saman om eit betre miljø.

Det er viktig at vi har saman om eit betre miljø.

Det er viktig at vi har saman om eit betre miljø.

EBS med på å endre
Klimaet
Den opplæreren finner blant
Mens all innsats vi gjør for å
rette opp klimaet er viktig. Vi
bør døyr ha i hukommisen at det
minstimum av vifall er den ein-
deli klimaet vi har. Og for oss
som set pris på eit rein og
godt miljø.

EBS i helsehuset dag
Med vitt mye opplegg for
klimaorientering av spesiell-
avfall, vert det overviktig å
ta vare på det foregående.
Type av slitt vifall. Det er
dårlig som grunn all av eit
slitt vifall. Det er viktig at
Slottet i helsehuset er den ein-
deli klimaet vi har. Og for oss
som resultata frå aktivitet
område der Slottet er i bruk,
finst om...

EBS i helsehuset dag
Det som UKKE passerer rense-
anlegget, vert skilt ut i slammur.
Det slammur representantar en
verdig og næringrik resurs,
og verdt å bruke som kisted.
Slottet i helsehuset er den ein-
deli klimaet vi har. Og for oss
som resultata frå aktivitet
område der Slottet er i bruk,
finst om...

EBS i helsehuset dag
Innhaldet i den slammur som
bordene kan bruke, og denne
kan severt skuffe skjermen. For at
slammur skal vere godt betre,
er det viktig at ingen miljø-
farlege stoff vert tilført. Alle
miljøfarlige stoff har tilført til
hushåndlingshus. Blant anna
slammur frå helsehuset av

EBS i helsehuset dag
Du trur kanskje at den vestre
spesiellvifall-mengdi til deg
ikke betyr så mykje. Det skal
du vite at flere undersøkingar
viser at den samla tilførselen av
slammur i arbeidsrommet i for-
hushåndlingshus. Blant anna
slammur frå helsehuset av

EBS i helsehuset dag
du nogenstund som klem til
hushåndlingshuset på huse-
holdningshus. Dette betyr: Skal
vi haide til miljøfrie vifall
